

Eitt problem ved dei norske språktilhøva er at nynorsk blir brukt berre av eit mindretal.

les Mimi Bjerkestrand
på kommentarplass s. 2

NR 1 • 2011 • ÅRGANG 10 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Omstilling

Det har vore tøffe tider i Høyanger. No ser det betre ut.

Side 18-21

Ny norm

Den nye rettskrivingsnorma i nynorsk er snart ferdig. Leiar Grete Riise ventar spent på responsen.

Side 5

Satsar på distrikta

Nettavisen Framtida.no får no midlar frå Vinjefondet. Pengane skal brukast til å tilsetje ein reisande journalist.

Side 3

På scenen



Foto: Marcel Leliénhof
Det Norske Teatret

Den nye teaterdirektøren ved Det Norske Teatret, Erik Ulfsby, vil gjerne at fleire ungdommar, innvandrarar og menn skal gå i teateret.

• Sjå s. 12-13

På leit



Foto: Berit Roald/Scanpix

Kulturdepartementet er framleis på leit etter ny direktør til Språkrådet. No vedgår dei at dei skulle ha lyst ut stillinga tidlegare.

• Sjå s. 11

BRUK LNK KORTET



(Foto: Geir Tøngesland)

Søker kompetanse

Mange kommunar slit med å få tak i kompetent arbeidskraft. Men det kan vere store skilnader innanfor ein kommune. Medan Bjørn slit med å få tak i kvalifisert personell, er situasjonen betre i Skjold. Her er styrar i Skjold Barnehage, Liv Herborg Wold, saman

med Sindre Hustoft og Emilie Brekke. – Manglande fagmiljø er ein viktig faktor når kommunane ikkje lukkast med å rekruttere kompetansesarbeidskraft, seier leiar i Akademikerne, Knut Aarbakke.

• Side 8-10



BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN
Sidan 1913



- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden

Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com



Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

LEIAR

Styrk fagmiljøa

Leiar i Akademikarane, Knut Aarbakke, meiner kommunane må byggje opp større fagmiljø for å sikre rekrutteringa av kompetent arbeidskraft i kommunane. Han har eit godt poeng.

Mange kommunar slit med å rekruttere alt frå sjukepleiarar, legar og førskulelærarar til juristar. Når kommunen ikkje klarer å halde oppe kompetansenivået, går det i neste omgang ut over tenestetilbodet og dermed innbyggjarane i kommunen. Dette kan fort bli ein vond sirkel; blir tenestetilbodet dårleg, kan det bli endå verre å få tak i dei rette fagpersonane. Då er gode råd dyre.

Me har sett det før. Kommunane set i gang rekrutteringstiltak som høgare startløn, tilbod om barnehageplass og bustad. Ein vil så gjerne at den nyutdanna legen skal søkje jobb i kommunen og ikkje minst bli der.

Ingen er i tvil om at det vil hjelpe å leggje til rette for at begge parter i eit forhold får seg jobb, at ein har ein plass å bu, og at minstemann får plass i barnehagen. I tillegg skal ein ha ei god fritid; får ein ikkje det, blir ein ikkje lenge. Men kan hende er det vel så viktig å styrkje fagmiljøa?

Kan hende er det minst like avgjerande at miljøet på jobb er stimulerande og utviklande? Kanskje bør kommunen i første omgang satse endå meir enn ein gjer i dag, på å byggje opp eit fagmiljø der kollegaene får midlar og tid til å utvikle seg saman. Truleg er dette lettare å gjennomføre dersom ein samarbeider med andre kommunar.

Og kanskje er det ikkje så langt frå fokuset på barnehageplass og bustad til stimulerande fagmiljø. Det handlar om trivsel.



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Språkpolitikk og læring



Mimi Bjerkestrand,
Leiar i Utdanningsforbundet
Foto: CF-Wesenberg/kolonihaven.no

KRONIKK

Ærendet mitt er læring, særleg morsmålsføring. Med morsmålet forstår eg det første språket barn lærer å snakke, i heimen og i dei nære omgjevnadene. Det er dette språket som gjev grunnlag for all anna læring, òg for å lære andre språk. Som lesarane sikkert er klar over, er spørsmålet om morsmål ikkje så enkelt som det kan sjå ut til. I mange land i verda finst det eit nasjonalspråk som er eit heilt anna språk enn det mange av innbyggjarane bruker til dagleg. Når eit slikt nasjonalspråk blir gjort til morsmål, gjerne på politisk grunnlag, kan det lett gå ut over læringsvilkåra for barn og unge. Ein innvandrar eg nyleg snakka med, fortalde at han aldri hadde fått undervisning på sitt eige morsmål i det tidlegare heimlandet, derfor var han svært oppteken av at hans barn skulle ha betre vilkår for å lære, både norsk og andre fag.

Noreg er i ein særegen situasjon ved at vi har to skriftlege former av det same språket. Eg kjenner ikkje til noko anna land med dei same språktilhøva. Med det dialektmangfaldet vi har, vil eg seie at vi er heldige som har to skriftspråk, fordi det inneber at dei fleste barn og unge kan lære å skrive morsmålet sitt i ei målform som ikkje ligg altfor langt unna talemålet deira.

Vår spesielle språksituasjon gjev samtidig uvanleg godt høve til å hjelpe barn og unge til å utvikle språkleg medvit og språklege kunnskapar. Barn har stor glede av å oppdage nye ord og lære om skilnader og likskapar. – Far seier "spegel", mor seier "spile", i barnetimen for dei minste seier dei "speil", men det betyr det same, observerte ein vaken fireåring. Ho har seinare halde fram med svært vellykka og variert språklæring.

Desse sidene ved den norske språksituasjonen blir lett skovne til sides i språkdebatten. Det er nesten alltid problem knytte til dei to målformene som blir trekte fram. Ja, visst finst det problem og vanskar, men lærings- og utviklingsvilkåra som blir skapte, er da mykje større, om vi veit å utnytte dei.

Eitt problem ved dei norske språktilhøva er at nynorsk blir brukt berre av eit mindretal. Dermed kjem ein lett i ein situasjon der fleirtalet gjerne vil avgjere alt, slik det ofte blir når majoritet og minoritet møtest. Etter mitt syn har vi som samfunn eit felles ansvar for at mindretallet ikkje blir overkjørt, heller ikkje når det gjeld språkspørsmål. Begge dei to norske målformene må bli brukte og få utvikle seg. Derfor er det viktig å halde fast ved nynorsk som administrasjons- og bruksspråk i dei kommunane som har ein nynorsk-nær dialekt. Og det er svært viktig at barn og unge, så langt det er råd, får høve til å utvikle språkdugleik og språkkunnskapar på grunnlag av det førstespråket dei har. Det er ikkje stor avstand mellom dei to norske målformene. Likevel er det mykje som tyder på at elevlar får betre læringsutbytte når dei får opplæring på den målforma som ligg nærast talemålet, anten det er nynorsk eller bokmål, enn om dei får opplæring på den andre målforma. Denne erfaringa kan vere ei nyttig rettesnor i språkpolitikken, både sentralt og lokalt.



Utgevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaktør:
Judith Sørhus Littlehamar
judith@norsk-plan.no

Redaksjon:
Toyni Tobekk
toyni@norsk-plan.no
Geir Tangen
bladstova@lnk.no

Faste spaltistar:
Jan Olav Fretland
Vidar Høviskeland

Korrekturlesar:
Dag Gjerde

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes
Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse: bladstova@lnk.no

Montering:
Suldalsposten
Trykk:
Sunnhordland

Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år
og kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no

Pris kr 150 per år.

Neste nummer:
1. april 2011

Annonseprisar:
1/1 side kr 20 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 11 600,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 7 400,-

(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.
Annonsar blir å levera
som pdf-fil til: judith@norsk-plan.no

Tilset reisande journalist

Nettavisen Framtida.no får 200 000 kroner frå Vinjefondet. Midlane skal brukast til å opprette ei stilling som reisande journalist.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Vinjefondet for nynorsk journalistikk har løyvt i alt 775 000 kroner til tre avisprosjekt, deriblant til ungdomsavisa Framtida.no.

– Målet med å opprette eit engasjement som reisande journalist er å få meir journalistikk frå heile landet på nynorsk på Framtida.no. Me ynskjer å vise fram og styrkje engasjementet til unge og la saker unge er opptekne av setje dagsorden. Å invitere til debatt og halde ved like kontakten med brukarane våre vil òg vere mellom arbeidsoppgåvene til journalisten, seier prosjektleiar Svein Olav Langåker.

Han legg vidare vekt på at den nye journalisten skal vere til stades på sosiale medium, og at han eller ho reiser rundt i landet for å møte ungdom.

– Som tidlegare redaktør for Nynorsk Pressekontor, Asgeir Olden, sa ein gong: Det folk helst har lyst til å lese om, er seg sjølv. Då må me ut for å treffe fleire ungdommar.

VAL ENGASJERER

Langåker meiner dette blir særleg viktig i eit valår, og ikkje minst i år, sidan fleire tusen 16- og 17-åringar får røysterett i dei 20 kommunane som er med i forsøket med nedsett stemmealder. Og lokalval engasjerer ungdom, meiner han.

– Kommunane og fylkeskommunane er veldig viktige for ungdommane. Grunnskule, vidaregåande opplæring og kollektivtrafikk er noko ungdom brukar kvar dag, og som dei kjenner best. Då er det viktig at dei blir høyrde. I haust har me mellom anna skrive om at mange kommunar manglar ungdomsråd, og at ungdom er lite representert i kommunestyra. Utan slike kanalar får politikarane eit dårlegare



STØTTE: Prosjektleiar i Framtida.no, Svein Olav Langåker, er glad for midlar frå Vinjefondet. (Foto: John Bjarne Lium).

avgjerslegrunnlag når dei skal fatte vedtak for dei komande skattebetalarane sine.

Framtida.no er ei nyhende- og debattavis for unge som starta 1. september i 2010. Satsinga er eit samarbeid mellom ABC Startsidan, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK), Landslaget for lokalaviser (LLA), demokrati for ungeprosjektet Mot til å meina, nettidsskriftet Magasinett og kulturavisa Pirion. Avisa får støtte frå Kulturdepartementet. Ti lokalaviser, Dag og Tid og fleire nettstader leverer i dag stoff til Framtida.no. I tillegg produserer Framtida.no egne saker, og

nesten 20 unge skribentar bidreg med faste meiningsytringar. I dag har nettavisen om lag 5000 lesarar.

VIL INSPIRERE

– Og det er veldig kjekt om me kan få fleire tips frå dei mange nynorsk kommunane rundt i Noreg, slik at den reisande journalisten vår får mange stader å velje mellom når han eller ho er på plass.

– Kva kan lesarane vente seg av Framtida.no framover?

– Me ynskjer å få fram endå fleire saker der ungdom har fått til noko positivt, slik

at det kan vere til inspirasjon for andre, seier Langåker og viser til ein skrivekonkurranse med namnet *Tilbake til 2020. Kva framtid vil du ha?*, som Framtida.no arrangerer saman med Magasinett, Rasmus Løland-markeringa og valprosjektet Mot til å meina.

Me inviterer ungdom til å skrive om kva framtid dei ynskjer seg på heimstaden sin, og kva som skal til for at dei kan tenkje seg å flytte tilbake etter å ha studert.

Målet for nettavisen framover er i fylgje Langåker at lesarane skal få meir stoff frå fleire stader og med fleire kjelder.



Det landbruksfaglege tidsskriftet *Bondevennen* blei starta i 1898 og har vore i samanhengande drift etter det. Bladet har ein solid posisjon som fagblad og talerøyr for landbruket og bygdene. Nedslagsfeltet er frå Sogn og Fjordane i nord langs kysten til og med Telemark, med tyngdepunkt i Rogaland, Agderfylka og Sunnhordland. Det er elles abonnentar i heile landet. Fagbladet har i dag fire skrivande i tillegg til at ein kjøper inn stoff.

Bladet går ut i eit gjennomsnittleg opplag på rundt 7 000, med 40 utgåver i året.

Utgjevar er *Bondevennen* BA, eit andelslag ått av Felleskjøpet Rogaland Agder, Nortura og TINE. Bladet har solid økonomi. Det er åtte tilsette i verksemda.



Bondevennen

Fagbladet for sør- og vestlandsjordbruket



Me er på jakt etter ein person som er glad i landbruksnæringa, som har kunnskap og praksis frå næringa og som kan vera med å vidareutvikle fagbladet. Stillinga som

REDAKSJONSSEKRETÆR/REDAKSJONSLEIAR

er ledig frå sommaren 2011.

Me er på jakt etter ein person med husdyrfagleg bakgrunn. Lang praktisk erfaring frå næringa kan kompensera for manglande teoretisk utdanning.

Du bør vera ung, nysgjerrig og kreativ. Ha lyst til å finne nye vinklingar på viktige spørsmål for næringa, og ikkje minst setje næringa inn i ein større samanheng enn einsidig som matprodusent. Gode formidlingsevner er viktig, og har du journalistisk bakgrunn vil det bli lagt vekt på.

Me tilbyr ei spennande og krevjande stilling i nær kontakt med det aktive landbruket på Sør- og Vestlandet. Målform er nynorsk.

Kontorstad er Stavanger.

Løn og andre vilkår etter avtale.

Interesserte kan ta kontakt med påtroppande redaktør Einar Schibevaag på telefon 913 08 972. Kortfatta søknad med CV blir å senda til *Bondevennen* BA på e-post einar@radgjevaren.no

Søknadsfrist er sett til 1. mars 2011

SITATET:

Kvar månad vert éin til to rådmenn fjerna frå stillingane sine i Kommune-Noreg. Men kva dei vert fjerna for, får vi aldri vite. (...) Ørsta kommune på Søre Sunnmøre fann ut at dei ville vera eit unnatak.

Jon Hustad i Dag og Tid om rådmann-saka i Ørsta

Staten og språket



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

Språkrådet kartlegg for tida språkstoda i dei om lag 125 kommunane som har nynorsk som fleirtalsform. 114 av desse har gjort politiske vedtak om at dei skal vera nynorskkommunar. Eitt av spørsmåla til kommunane er kor mange skriv frå statsorgan som kjem på nynorsk. I nynorskkommunen Fjell kjem meir enn 80 % av tilfanget frå staten på bokmål. Ikkje eitt av skriva frå nokon av departementa var på nynorsk i kontrollperioden. Ut frå Mållova skal alt som kjem frå statsetatar til nynorskkommunar, vera på nynorsk. Kulturdepartementet, som Språkrådet sorterer under, har eit overordna ansvar for at staten følgjer opp mållova. Ironisk nok kom også skriva frå dette departementet på bokmål.

– Resultatet er sjokkerande. Me har no skrive brev til Kulturdepartementet og ber dei sørgja for at alle statsorgan følgjer lova. Undersøkinga stadfestar det inntrykket me lenge har hatt. Staten gjev blaffen i mållova, og verst av alle er departementa, seier rådmann Steinar Nesse i Fjell til Vestnytt.

Rådmannen fortel til avisa at Fjell kommune systematisk tilbyr kurs til dei som treng å friska opp språket sitt, men han er lite imponert over staten sine rutinar på dette området: – I staten manglar dei vilje til å følgja opp lova med dei tiltaka som trengst, seier Steinar Nesse.

Fjell kommune dokumenterer gjennom denne undersøkinga at departementa ser ut til å mangla respekt for nynorsk og nynorskbrukarar. Annleis kan me vel ikkje tolka dette? Men kvifor er det slik? Skuldast det fordommar, likesæle eller mangel på kunnskap? Saboterer departementstilsette mållova med vilje? Er det noko gale med rekrutteringa til departementa?

For dette er slett ikkje nye problemstillingar. Alt i 1921 kravde Voss, som den første kommunen i landet, nynorsk frå staten. Den første mållova kom i 1930 – etter påtrykk og krav frå nynorskkommunane.

Då LNK vart skipa i 1993, skjedde det indirekte som ei følgje av eit utspel frå ein statsetat, Statskonsult. Kulturdepartementet sende i mars 1990 eit brev til alle departement og statsetatar og bad om at det vart utarbeidd planar for måljamstillingsarbeidet. Bakgrunnen for brevet var ei undersøking frå 1989 som viste at ingen av etatane oppfylte mållova sine krav til nynorskbruk. Har nokon høyrte dette før? I St.meld. 53 (1991–92) om målbruk i offentleg teneste vart det sitert frå tilsvaret frå Statskonsult: «delar av regelverket i mållova er formelle rariteter», «er det prinsipielt uheldig å ha regler som ikkje blir fulgt i praksis», «Å skrive på nynorsk tar ekstra tid, noe som medfører ekstra utgifter.» Og så vidare i same duren. Elles sindige ordførarar og rådmenn vart rasande og tok straks initiativet til eit nettverk av nynorskkommunar. Nokre år seinare var Statskonsult nedlagt og LNK etablert – men me insisterer ikkje på at det er ein samanheng her.

I målbruksmeldinga frå 2006 heiter det: «Regjeringa ventar no at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har, og gir eit klart og utvitydig signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane heretter skal følgjast til punkt og prikke.»

No har me vel snart venta lenge nok?

Ut frå Mållova skal alt som kjem frå statsetatar til nynorskkommunar, vera på nynorsk.

Hemsingsøstrene Årets bygdeprofil

Hemsing-søstrene frå Valdres er kåra til Årets bygdeprofil 2010 i avisa Nationen. Avisen har kvart år ei kåring av kandidatar som har utmerka seg ved å profilere Bygde-Noreg på ein positiv måte, eller som på annan måte har gjort ein særskild innsats for eller i distrikta.

– Det er veldig morosamt og ei stor ære for oss. Særleg når det var så mange verdige kandidatar, seier Ragnhild Hemsing (22) til Nationen.

«Eldbjørg og Ragnhild Hemsing er ikkje berre to evnerike fiolinistar, men også to som engasjerer seg i viktig, norsk musikkhistorie, som i leitinga etter Ole Bull-tonen. I oppveksten gjekk dei i lære hos spelemenn i Valdres», heiter det i grunngjevinga.

Manglar planar for likestilling

Halvparten av høgskulane i landet har ikkje oppdaterte planar for likestilling, syner ein gjennomgang gjort av Komite for kjønnsbalanse i forskning. Kunnskapsdepartementet pålegg utdanningsinstitusjonane å utarbeide slike plara, men berre 20 av 46 undersøkte høgskular har planar som er oppdaterte. 13 av institusjonane har ikkje plan i det heile tatt. Komiteen har no bede Kulturdepartementet om å ta tak i saken.

For få i ingeniørar

Mangelen på ingeniørar i kommunane er stor, men dagens ingeniørstudentar vel seg ikkje jobb i det offentlege. Studentar seier til NRK at dei fleste vel jobbar i det private framfor det offentlege for å få spennande og utfordrande jobbar. Stor tilgang på jobbar gjer også at studentane kan stille krav til vilkåra for jobben.

Kommunane opplever på si side at store grupper ingeniørar no er på veg ut i pensjonsalderen, medan rekrutteringa ikkje følgjer med. Utan påfyll av fagfolk vil ventelistene bli lange og kapasiteten på sakshandsaming dårleg i kommunane, seier leiar for ingeniør- og teknologifag ved Høgskulen i Ålesund, Terje Tvedt.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Laura Seltveit
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Forventar diskusjon

Den nye rettskrivingsnorma i nynorsk er snart ferdig. Grete Riise trur likevel det vil bli ein frisk debatt om endringane som nemnda har foreslått.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– No sit me med siste hand på innstillinga før ho skal ut til offentleg høyring, seier Grete Riise, som er leiar i rettskrivingsnemnda. Ho registrerer at stadig fleire no deltek i debatten om kva endringar ein bør gjere i rettskrivingsnorma.

– Me er godt nøgde med at folk engasjerer seg og meiner noko om språket. Eg ventar mykje respons på høyringsrunden.

Nemnda har hatt eit hovudmål om å gjere norma strammare og enklare å orientere seg i. Dette meiner Riise ein er på god veg til å klare.

– Me har gjort ein del ting litt enklare. Til dømes foreslår me at ein berre bør få lov til å skrive *naturleg*, og ikkje *naturlig*, som i dag er ei klammeform. I tillegg tek me ut former som er lite brukte. I-målet er eit døme på det, meiner Riise.

FÅR IKKJE INNSYN

Nemnda har gått gjennom eit stort digitalt tekst-korpus for å sjå kva den faktiske bruken av nynorsk er i dag. I nynorsk-korpuset ligg det både lokalaviser, sakprosa og skjønnlitteratur frå dei siste 150 åra. Dei har òg hatt møte med fleire institusjonar som brukar nynorsk. I tillegg har dei fått mange innspel på diskusjonsforumet Nynorsk 2011 og på e-post. Men éi gruppe står att.

– Me får ikkje innsyn i eksamensoppgåver på vidaregåande skular i dei tre fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal. Det er forferdeleg dumt sidan det ville gitt oss mange svar. Det er jo på denne dagen ungdommane skriv det dei verkeleg trur er rett.

– Utdanningsdirektoratet forklarar avslaget ut frå åndsverklova og personvernet til elevane.

Det forstår eg ikkje, me skal jo ikkje eingong sitere frå oppgåvene. Me vil berre sjå kva elevane skriv, seier Riise oppgitt.

Nemnda har ikkje fått noko endeleg svar frå direktoratet, men tida byrjar å bli knapp dersom dei skal klare å gå gjennom oppgåvene før norma vert lagd fram i april.

– Det er klart me kan justere litt i april, men sjansane våre blir mindre. Det beklagar eg sterkt, for dette kunne vore til stor hjelp.

SKAPER ENGASJEMENT

Grete Riise trur endringsforslaga, som mellom anna går ut på å ta vekk i-målet, kløyvd infinitiv og einskildord som *skole*, vil skape engasjement blant folk flest. Norma er både eit fagleg og eit politisk dokument, som mange har ei meining om. Mykje av dette handlar om prinsipielle spørsmål, og om kva retning

NY RETTSKRIVING

Rettskrivingsnemnda har blant anna desse framlegga til endring i nynorsknorma:

- Dei fleste ord som i dag kan skrivast med ø eller y, får to jamstelte former. Døme: fylgja/følgja.
- Ord som i dag har hovudform med dobbelkonsonant og klammeform med enkelkonsonant skal i dei fleste tilfella berre ha dobbel konsonant. Døme: plomme. Forma plome går ut.
- I-målet blir tatt ut av norma.
- Ordet skole blir tatt ut, dermed er det berre lov å skrive skule.
- Vekedagane blir skrivne som før.
- Ubunden form eintal av hokjønnsord går ut. Døme: ei visa går ut, og ei vise blir eineform.
- I 2. person fleirtal skal det vere mogleg å bruke same form som subjekt og objekt, altså dykk – dykk. Det blir likevel framleis høve til å skilje mellom de og dykk som før.
- Kløyvd infinitiv går ut. Ein skal likevel kunne bruke a-infinitiv eller e-infinitiv.

Sjå fleire av framlegga på www.sprakradet.no

språket bør gå i. Og kjenslene spelar sjølvsagt inn, om ein er tradisjonell nynorskbrukar eller ikkje. Ofte vil ein halde på formene som ein sjølv brukar. Med grunnlag i språkmeldinga frå 2008 fekk Språkrådet oppgåva med å skrive ei ny nynorsknorma. Norma, som skal vere lagd ut til høyring seinast 1. februar, skal vere tydeleg og gjere det enklare å vere nynorskbrukar.

Det blir eit ope høyringsmøte i Nasjonalbiblioteket 21. februar, og høyringsfristen er sett til 25. februar. Vidare skal nemnda levere si innstilling til styret i Språkrådet 1. april. Språkrådet skal etter planen gjere vedtak 20. mai og sender så innstillinga til Kulturdepartementet til endeleg avgjerd. Det er venta at ordbøkene er klare til skulestart i 2012, og at den nye norma skal gjelde frå då av.

Leiar i nemnda, Grete Riise (62), er nettredaktør hjå Fylkesmannen i Hordaland. Med seg har ho førsteamanuensis Unn Røyneland (43), som arbeider ved Universitetet i Oslo og ved Høgskulen i Volda, journalist Ragnhild Bjørge (32), som er journalist og reportasjeleiar i NRK Dagsnytt, lærar Karin Magneun (46) frå Torpo barneskule, lektor og forfattar Tore Elias Hoel (56) frå Bodø vidaregåande skole, redaktør Svend Arne Vee (42) i lokalavisa Firda-posten i Florø og prosjektdirektør Åse Wetås (37) i Norsk Ordbok 2014. Sekretær for prosjektet er ordlisteredaktør og språkkrettar Aud Søyland (55).

Må søkje på bokmål

Mange av søknadsskjemaa hjå NAV er berre tilgjengelege på bokmål. No vert det lova ei endring.

Dersom du til dømes skal søkje NAV om foreldrepengar, får du tilgang til ein del nynorsk informasjon fram til sjølve søknadsskjemaet. Men då er det slutt, dette skjemaet er nemleg berre tilgjengeleg på bokmål. – NAV har som mål at alle skjemaa som ligg ute på nav.no, til ei kvar tid skal vere tilgjengelege på bae målformer, seier seksjonssjef i NAV, Espen Sunde.

Likevel har ikkje nynorskbrukarar i dag tilbod om søknadsskjema på nynorsk. Sunde forklarar dette med at NAV er i ei omstilling.

På grunn av ny skjemaletøysing må mange skjema byggast om. Dette arbeidet er ikkje fullført, men nynorskversjonar av skjemaa vil bli lagde ut etter kvart som dette arbeidet blir ferdig, slår han fast. Mange av sidene og artiklane på nav.no er også berre tilgjengelege på bokmål.



SPENT: Leiar i rettskrivingsnemnda, Grete Riise, er spent på kva respons nemnda vil få på vedtaka som no er ute på høyring. (Foto: Språkrådet).

MOT TIL Å MEINA

KONFERANSE

Hotell Bondeheimen i Oslo
10. – 11. mars 2011

Arnfinn Vigrestad
Per Inge Torkelsen
Merima Maja Brkic
Svein Tore Marthinsen
Arne Jensen
Frank H. Aarebrot
Trond-Viggo Torgersen
Synnøve Kvamme
Helge Andre Njåstad
Vetle Wang Soleim
Janne Johnsen
Liv Signe Navarsete
Trond Blindheim
Jorunn Osland
Einar Schibevaag
Helen Frøyseth
Janne Nerheim
Gunnhild Berge Stang

SNAKK MED OSS

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Siktet er å snu den negative trenden og auka det politiske engasjementet blant unge.

– då gidde me kanskje stemma

Konferanseavgift (utan overnatting), lunsj begge dagar og middag torsdag 11. mai: kr 2.700
Overnatting på Hotell Bondeheimen 10. – 11. mars: kr 900
Påmelding innan 10. februar 2010 til e-post: seminar@garborg.no eller telefaks: 52 79 04 81
MEIR INFORMASJON og FULLT PROGRAM: www.LNK.no

Prosjektet som går over tre år har som målsetting å få fleire til og ta del i politisk arbeid, politiske parti og politiske interesseorganisasjonar fram mot 2011.



(Foto: Leif J. Olestad / NSB)

Krev meir nynorsk

Samferdsledepartementet krev no at NSB også skriv nynorsk på nettsidene sine.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

I januar 2010 hadde LNK-avisa ei sak om at NSB berre hadde nettsider på bokmål. Dette trass i vedtektene til NSB, som seier at prinsippa i målbrukslova skal følgjast ved kunderetta informasjon. Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) uttalte

i fjor til LNK-avisa at departementet ville gå gjennom praktiseringa av målbrukslova i NSB. Ho understreka at nettsider berre på bokmål var manglande respekt for nynorskbrukarane som også nytta seg av NSB sine tilbod.

VIKTIG MED NYNORSK

Politisk rådgjevar i Samferdsledepartementet, Sigrid Brattabø Handegard, seier at departementet det siste året har sett på målbruken i både NSB, Posten Norge AS og Avinor. Departementet er no i ferd med å sende ut eit brev til selskapa der

dei skisserer kva dei ventar seg i framtida i høve målbruk.

Når det gjeld NSB, er det klart at den viktigaste kunderetta informasjonen også må finnast på nynorsk. Det betyr også at dei må ha nynorsk på nettsidene, slår Handegard fast.

Ho legg til at dette har vore eit tema på eigarmøte i selskapet, og reknar no med at NSB vil ta det samfunnsansvaret som eigarane pålegg dei.

LOVAR BETRING

Kommunikasjonsdirektør i NSB, Wenche

Rasch, viser også til vedtektene, der det står at prinsippa i målbrukslova skal følgjast i kunderetta informasjon. Ho slår fast at NSB no ynskjer å bruke begge målformer meir aktivt på nett.

Praksis i dag er at NSB lagar ruteinformasjon og liknande på nynorsk for dei deler av rutenettet der dette er naturleg. I løpet av våren vil det kome ein ny og endra versjon av nsb sine nettsider. I samband med det vil me publisere meir på nynorsk enn det som er praksis i dag, lovar Rasch.

Ny utvikling i landbruket

Eit nytt prosjekt i Oppland skal skape utvikling knytt til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket, melder Nationen. Rull-prosjektet skal vurdere ulike strategiar for rekruttering, og nye utdanningsmuligheter innan landbruk har peikt seg ut som eit satsingsområdet etter at

prosjektgruppa i Oppland har hatt si første samling. Agronomutdanning for vaksne er eitt tilbod som allereie er under utarbeiding og dette vil bli marknadsført i løpet av våren. Fleire fylke i landet jobbar no med prosjekt tilsvarande Oppland fylkeskommune sitt.

Fleire studentar

Talet på studentar ved norske universitet og høgskular har auka med 6 100 frå 2009 til 2010. Det syner førebelse tal frå SSB. Det er framleis flest kvinnelege studentar, heile 60 prosent av det totale talet på studentar er kvinner. Men det er talet på mannlege studentar som aukar mest med 3700 frå 2009 til 2010. Universiteta og

dei vitenskaplege høgskulane har hatt den største auken i talet studentar, med 5 200 fleire registrerte studentar i 2010 enn i 2009. Auken skuldast delvis at Høgskolen i Molde har endra status frå høgskule til vitenskapleg høgskule frå 1. januar 2010, melder SSB.

SITATET:

— Det er Kulturdepartementet som har ansvaret for å følgje opp mållova og har tilsynet med dette. Då er det litt spesielt at også dette departementet har sendt oss skriv på bokmål.

Informasjonsrådgivar Vigleik Brekke i Fjell kommune til NRK

Departementa bryt mållova



VEDGÅR FEIL: Politisk rådgjevar i Kulturdepartementet, Roger Solheim, vedgår at departementet har ein språkjobb å gjere. (Foto: Ketil Frøland/Kulturdepartementet)

Dei første resultata frå den språklege kartlegginga i nynorskkommunane viser at Fjell i ein viss periode fekk over 80 prosent av alle skriv frå staten på bokmål.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det er Språkrådet, LNK og Nynorsk kultursentrum som står bak kartlegginga i nynorskkommunane. Målet er blant anna å finne ut om brev frå statsorgan er skrivne på nynorsk. Resultatet vert først klart i

midten av februar, likevel er det allereie kjent at Fjell kommune i Hordaland berre fekk eitt av fem statlege skriv på nynorsk gjennom to kartleggingsperiodar på til saman 10 veker.

— Det er Kulturdepartementet som har ansvaret for å følgje opp mållova, og som har tilsynet med dette. Då er det litt spesielt at også dette departementet har sendt oss skriv på bokmål, seier informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke i Fjell kommune til NRK.

DÅRLEGE SIGNAL

Svein Arne Orvik i Språkrådet er tilbakehalden og presiserer at dei samla resultata må vere klare, før ein kan vite kva tendensar som gjeld for fleire kommunar. Fungerande direktør i Språkrådet, Sigfrid Tvittekja, meiner det er alvorleg at departementa sviktar mållova.

Det sender dårlege signal nedigjennom systemet at departementa er så dårlege til å følgje mållova, seier ho til NPK.

Fjell kommune har no sendt eit brev til Kulturdepartementet der dei understrekar at kommunen er ein nynorskkommune, og at alle statlege skriv til kommunen skal vere på nynorsk.

VEDGÅR FEIL

Politisk rådgjevar i Kulturdepartementet, Roger Solheim, vedgår at departementet har ein språkjobb å gjere.

— Det må me gjere noko med. I dette konkrete tilfellet vil me sende eit nytt brev til departementa og peike på at korrespondansen til kommunar som har definert seg som nynorskkommunar, skal vere på nynorsk, seier han til NPK.

Ifølgje NPK er dei statlege organa på regionnivå langt flinkare til å bruke nynorsk. Alle 18 skriv som Fjell kommune fekk frå representantar for Fylkesmannen i Hordaland, var på nynorsk. Også vegvesenet og politiet var flinke til å bruke nynorsk.

Les meir om resultata frå denne kartlegginga framover på www.lnk.no. Resultata kan du også lese meir om i neste utgåve av LNK-avisa.

Sjøkabel i Hardanger blir dyrt og vanskeleg

Sjøkabel i Hardanger blir både dyrare og vanskelegare enn først antatt, viser utgreiingane som regjeringa får overlevert tysdag, ifølgje NRK.

Undersøkingane av botnforholda som vart gjort i fjor haust, viser at det er bratt dei stadene der kabelen skal gå ned i fjorden. Det gjer sjølve bygginga av den

omstridde kabelen vanskelegare. Dei nye reknestykka viser dessutan at totalprosjektet blir dyrare enn kostnadsalkylane frå 2006. Årsaka er at desse utrekningane ikkje tok omsyn til kor mykje anlegga i vasskanten kom til å koste, skriv NRK. (NPK)

Rune Øygard

Ordfører i Vågå



PÅ KOMMUNEVIS

Alltid i endring

Vi er alltid i endring. Samfunnet er i endring, vi sjølve endrar oss, kva som er rett og gale, endrar seg, motar og trendar. Og slik bør det vel vere. Men må vi gjere endringane meir aktive, og må vi alltid vere så målretta pådrivarar?

Vågå ønskjer å vere i front. Vere med og sette dagsorden. For at kommunen skal vere synleg, men ikkje minst for at næringslivet og innbyggjarane våre skal føle seg sedde, prioriterte, og at dei er i ein kommune som gjer det optimale for målgruppene sine.

Vi byggjer hus, skaffar oss kompetanse, gjer tiltak og etablerer møteplassar for at både unge, vaksne og eldre skal trivast og føle tryggleik og kvalitet. Vi innrettar oss etter nasjonale reformer, eige økonomisk handlingsrom og forventingar frå innbyggjarar. Iblant føler vi at vi har gjort noko riktig bra, andre gonger strakte ikkje ressursane til.

Men så skjer det. Vi ser oss rundt, vi les nye dokument, får tilsendt nye stortingsmeldingar om vedtekne reformer, les og høyrer frå media om nye trendar, forventingar og mulegheiter. Det vi nettopp har vedteke, skulebygningen vi tok i bruk sist haust, helsesenteret som vart opna førre veke, breibandnettet som nyleg er utbygt, kommuneplanen som nettopp vart vedteken. For GAMMALT. Utgått på dato!

Sjølvsagt er det ikkje slik, men eg føler det ofte slik. Alt skjer så fort, og endringane og forventingane blir stadig meir omfattande. Og vi som folkevalde ønskjer sjølvsagt å vere eit steg føre andre.

Men magekjensla kan også vere rett. Ikkje minst innan skulen. Stadig nye reformer stiller krav til storleiken på undervisningsromma, til utstyr, pedagogikk og arbeidsformer. Store rom skal bli mindre, små grupper skal bli større, meir einskildtilpassa framfor gruppeundervisning.

Både tilsette, brukarar, vi som skal fatte vedtak, og dei mange tilsette treng likevel litt arbeidsro for å prøve ut, teste erfaringar og korrigere utifrå eigne opplevingar. Eg ønskjer meg litt reformpause eg nå. I alle fall innafor skuleverket.

Vågå skal etablere "Noregs beste skule". Andre kommunar kan også ha sine beste skular, men ingen skal kunne drifte og oppnå betre resultat enn det Vågå kommune sjølv skal gjere i Vågå. Alle elevane er ulike. Gode på noko, utrygge på noko anna. Men alle er gode på noko om dei får opptre på ein arena dei er trygge på. Vågå vil ha flest mogleg arenaer.

Ein glad, lærande og trygg elev gjev også trygge og stolte foreldre. Motiverte og engasjerte lærarar. Folk ønskjer å bu der ungane har det bra, der skulen leverer. Vågå vil vere ein slik kommune. Den store reforma gjer vi derfor lokalt, men vi ønskjer oss nok litt meir reformfri frå regjeringa vår ei tid framover. Vi skal derimot arbeide aktivt og gjere maksimalt ut frå gjeldande reformer og pålegg, for barn og unge skal ha det trygt og godt gjennom skulekvardagen. Og for at avgangsresultata i 10. klasse i snitt skal bli litt betre enn i fjor ...



HØGARE LØN: Personalsjef Kristin Helle i Vindafjord Kommune har tru på høgare løn til unge og nyutdanna. (Foto: Geir Tangen).

– Me bør auke startløna

Avtroppande personalsjef i Vindafjord Kommune, Kristin Helle, hevdar at startløna hjå kommunetilsette kan vere ei hindring for å rekruttere høgt utdanna personell til kommunar i utkantstrok.

GEIR TANGEN
bladstova@lnk.no

– Kommunetilsette tener ikkje dårleg. Det er ei myte som ikkje har rot i røynsla, seier personalsjef Kristin Helle i Vindafjord. No om dagen held ho på med å rydde kontoret sitt i rådhuset i Ølen. Ho er på veg til grannekommunen Tysvær etter 24 år i Vindafjord. Ho meiner at startløna til kommunetilsette er for låg.

– Det er liten tvil om at dei som sit og forhandlar slike ting sentralt, ikkje er ungdomar. Gong på gong vert dei som har lang fartstid i yrket, tilgodesett, medan nyutdanna står att som taparar. Ei betre løn for dei som nyss på fjorden er rodd, ville ha gjort det enklare for oss å få tak i personar med høg kompetanse, trur eg. No fer dei i staden til private aktørar, hevdar ho.

BILETET ENDRAR SEG

I Vindafjord kommune har pendelen endeleg bikka rette vegen att dei siste par åra. Lenge sleit kommunen med å få tak i utdanna ingeniørar, sjukepleiarar og kompetente fagarbeidarar. Etter nokre år med lågkonjunktur i næringslivet har biletet endra seg. No er det mest innan skule og barnehage at ein ser vanskar med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft.

– Nett no er det førskulelærarar det er mest etterspurnad etter ute i dei ulike einingane, men dette går i bølgedalar. Om ikkje så lenge vil me sjå ein aukande trong for lærarar og helsefagarbeidarar i kommunen. Arkitektar, juristar og kommunepanleggjarar er også yrkesgrupper som me til tider slit med å få tak i, seier Helle.

Ho meiner bestemt at Vindafjord kommune har vore flink til å gå andre vegar for å freiste å rekruttere fleire med høg utdanning til kommunen.

– Ja, me har fleire prosjekt som me deltek i gjennom interkommunalt samarbeid. Til dømes har kommunen delteke på ymse rekrutteringsprosjekt og messer, og me har vore aktive inn mot utdanningsinstitusjonar. Saman med grannekommunane har me òg delteke på eit rekrutteringsprosjekt med føremål å utdanne fleire helsefagarbeidarar.

Der har me hatt unge fagarbeidarar som har reist rundt på skulane for å fortelje om yrket sitt, og med det freiste fleire til å søkje seg inn på desse linene.

JOPP OG UTDANNING SAMSTUNDES

Ein annan måte å auke kompetansen ute i einingane på, og som Kristin Helle har stor tru på, er å gjere det enklare å kombinere jobb og utdanning.

– Me freistar å stimulere eigne tilsette til å ta vidareutdanning gjennom desentraliserte tilbod frå Høgskulen Stord/Haugesund. Nett no har me to tilsette som tek desentralisert vernepleiarutdanning, medan to andre tek førskulelærarutdanning. Eitt av dei mest populære tiltaka i så måte har vore ILS-utdanninga, ei vidareutdanning innan leiing og samhandling. Her hadde me heile 15 tilsette som deltok. Slikt aukar utan tvil kompetansen på sikt.

Eit av områda Helle meiner har blitt litt forsømt, er satsinga på praktikantprogram.

– Me har jobba godt med å leggje til rette for fagbrev for ufaglærte, og me tek inn lærlingar støtt, men når det gjeld praktikantprogram, så har det vore heller skralt. Eg har sett at andre kommunar har

KOMPETANSE I KOMMUNANE

Mange kommunar slit med å få tak i kvalifisert personell innan ulike fagområde. Me har sett på kva som må til for at denne trenden skal snu. I tillegg har me besøkt ein kommune der det er store skilnader mellom bygdene når det gjeld kor hardt dei vert råka av dette problemet.

hatt stor glede av å nyttiggjere seg eit slikt tilbod, men her har me nok ikkje vore heilt på banen, seier Kristin Helle.

– Den største utfordringa frametter blir nok likevel å få ungdomar til å velje seg yrke som høver med jobbar i kommunal sektor. Alt for mange unge i dag kvir seg for å ta høveleg utdanning innan til dømes pleie og omsorg, eller lærarutdanning for den saks skuld. Dei vel seg andre jobbar andre stader, avsluttar den avtroppande personalsjefen før ho held fram med førebuingane til sjølv å gå ut på nye jaktmarker.

Store skilnader



SFO: Einingsleiar Gunnar Norenes på Bjoa skule og barnehage tek ei økt no og då på SFO. Her omkransa av f.v. Birgitte Bjørknes Ressel, Erlend Hetland og Sindre Sandsgård (Foto: Geir Tangen).

Det kan vere store skilnader innanfor ein kommune når det gjeld tilgangen på kvalifisert personell. Der Bjoa slit med å finne høgt kvalifisert personell til skule og barnehage, har Skjold tjukke søknadsbunkar til sine stillingar innan same sektor.

GEIR TANGEN
bladstova@lnk.no

Vindafjord kommune i Rogaland er ein vidstrakt kommune etter samanslåinga med Ølen i 2006. I kvar sin ende av kommunen finn du bygdene Bjoa og Skjold. Herborg Wold er styrar i Skjold barnehage, medan Gunnar Norenes er einingsleiar på Bjoa skule og barnehage. Både meiner at det ligg naturlege årsaker bak skilnaden i tilgang på utdanna personell mellom dei to bygdene.

– Fyrst av alt lyt eg streke under at det er stor skilnad på kva ein legg i omgrepet kvalifisert personell, seier Gunnar Norenes.

Her på Bjoa har me ikkje fullt belegg når det gjeld pedagogisk utdanna personell, men det er ikkje det same som at dei ikkje gjer ein strålende jobb.

– Han trur at små grendeskular og barnehagar lett kan få vanskar med rekruttering i og med at dei ligg litt avsides til, samstundes som han påpeikar at små forhold og ei plassering i utkanten også kan vere ein føremon.

– I stillingsutlysingar lokkar me med korleis me ligg til, av di me har tru på at dette kan vere avgjerande for somme når dei søker. Vakre omgjevnader og rolege dagar i ei lita, trygg bygd er ikkje å forakte, hevdar Norenes og smiler.

STORLEIKEN BETYR NOKO

Den nådelause kvardagen er nok likevel slik at dei fleste med høg utdanning søker seg til større stader. Det hevdar iallfall Liv Herborg Wold i Skjold:

– Vår plassering kort veg frå Haugesund er utvilsamt ein føremon når det gjeld å skaffe høgt utdanna personell, seier ho. I tillegg mei-

ner Wold at storleiken på barnehagen lokkar fleire førskulepedagogar til Skjold:

– Ja, heilt klart. Me har eit mykje større fagleg miljø her i Skjold. 30 tilsette og 107 born seier det meste om storleiken. Eg trur dei fleste med høg utdanning ynskjer seg til ein stad der ein treff likemenn og ein har eit kollegium kor ein kan dra vekslar på kvarandre sin kompetanse, seier ho.

Det er uråd for Gunnar Norenes på Bjoa å setje seg imot den påstanden. Det syner dei tørre fakta, som fortel om kor vanskeleg det er å finne førskulelærarar og fagutdanna barne- og ungdomsarbeidarar som er viljuge til å jobbe i Bjoa Barnehage. I dag har dei fem tilsette lærarar på skulen. Fire av dei har godkjent utdanning. I barnehagen er det nær sagt uråd å få tak i nok personell med pedagogisk utdanning.

– Me ligg nok litt dårleg til slik sett, men eg lyt streke under at kvaliteten på arbeidet som vert gjort, er særskilt bra. Miljøet er godt blant dei tilsette, og me har høge standardar for det pedagogiske arbeidet vårt. Bjoa skule og barnehage er ein god stad å vere for både born og vaksne, legg han til.

ANBEFALER SAMARBEID MED HØGSKULE

Ein av faktorane som Liv Herborg Wold meiner gjev suksess i rekrutteringsarbeidet, er samarbeidet Skjold barnehage har med Høgskulen Stord/Haugesund (HSH):

– Me er øvingsbarnehage for studentar ved høgskulen, og me har prov på at det gjev resultat. Studentane kjem hit og finn ut at dei trivst. Litt etter kvart fasar me dei inn i yrket her hjå oss ved å gje dei mindre vikariat når dei nærmar seg slutten av utdanninga. På dette viset har me fått fleire godt kvalifiserte førskulepedagogar inn i barnehagen vår. Å vere øvingsbarnehage er å anbefale til skular og barnehagar som slit med rekruttering, hevdar ho. Gunnar Norenes på Bjoa er samd i den påstanden:

– Heilt klart. Eit tettare samarbeid med HSH er noko eg har stor tru på. Samstundes trur eg at det å leggje betre til rette for å fullføra utdanning eller det å vidareutdanna seg medan ein er i jobb, kunne lokke fleire til å velje seg arbeid i små grender som Bjoa.

MOT TIL Å MEINA

KONFERANSE
Hotell Bondeheimen i Oslo
10. – 11. mars 2011

Arnfim Vigrestad
Per Inge Torkelsen
Merima Maja Brkic
Svein Tore Marthinsen
Arne Jensen
Frank H. Aarebrot
Trond-Viggo Torgersen
Synnøve Kvamme
Helge Andre Njåstad
Vetle Wang Soleim
Janne Johnsen
Liv Signe Navarsete
Trond Blindheim
Jarunn Osland
Einar Schibevaag
Helen Frøyseth
Janne Nerheim
Gunnhild Berge Stang

– då gidde me kanskje stemma

Konferanseavgift (utan overnatting),
lunsj begge dagar og middag torsdag
11. mai: kr 2.700

Overnatting på Hotell Bondeheimen 10.
– 11. mars: kr 900

Påmelding innan 10. februar 2010 til
e-post: seminar@garborg.no eller
telefaks: 52 79 04 81

MEIR INFORMASJON og FULLT PROGRAM: www.LNK.no

LOKALAVISER FAGFORBUNDET

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

**Eit stimulerande nettmagasin
for elevar på ungdomstrinnet
og i den vidaregåande skolen
– på nynorsk!**

www.magasinet.no

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!**



STØRRE FAGMILJØ: Leiar i Akademikerne, Knut Aarbakke, meiner større fagmiljø er nøkkelen til å halde på kompetansen i kommunane. (Foto: Akademikerne).

Etterlyser fagmiljø

Leiar i Akademikerne, Knut Aarbakke, meiner kommunane må etablere større fagmiljø.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ei kartlegging blant medlemmene våre viser at det for mange akademikarar er særst viktig å ha eit visst fagmiljø rundt seg. Dei fleste ynskjer kollegaer dei kan diskutere saker med. Me trur manglande fagmiljø er ein viktig faktor når ein ikkje lukkast med å rekruttere kompetansearbeidskraft, seier Aarbakke.

Ifylgje Aarbakke er det å skape tilstrekkeleg store fagmiljø avgjerande for kommunar som slit med å få tak i kompetent arbeidskraft.

Korleis ein gjer dette, kan sjølvst variere. Det er viktig å hugse på at medlemmene våre ikkje nødvendigvis etterlyser kollegaer med lik utdanning. Det dei saknar, er kollegaer med utdanning på same nivå.

Mange kommunar har sett i gang ulike rekrutteringstiltak, som høgare startlønn eller tilgang på bustad. Fungerer slike tiltak?

Dette er gode tiltak, som vil kunne ha ein god effekt. Men det er neppe nok. Me trur altså dei må supplerast med gode, stimulerande fagmiljø og leiarar som er opptekne av fagmiljø. Når ein har brukt år på å tileigne seg kunnskap, ynskjer ein som regel å bruke han. Og mange ynskjer å utvikle han i samarbeid med kollegaer, slår Aarbakke fast.

STORE SKILNADAR

Anne-Cathrine Hjertaas er avdelingsdirektør for

arbeidsgivarutvikling i KS og samd med Aarbakke i at det ligg ein stor gevinst i å utvikle gode fagmiljø i kommunane.

Dersom kommunane skal klare å halde på dei med høgare utdanning, må dei tilby eit robust fagmiljø. Eit tiltak kan vere å leggje til rette for samarbeid mellom kommunane, slik at dei tilsette kan nytte godt av eit større miljø.

Hjertaas understrekar at det er store skilnadar mellom kommunane når det gjeld i kva grad ein manglar kompetent arbeidskraft, og kva slags kompetanse ein manglar. Ho meiner dette kan vere eit like stort problem i store kommunar som i mindre.

Kommunen er ein stor arbeidsplass og har naturlegvis behov for eit breitt spekter av kompetanse. Men me ser at dei kommunane som jobbar strategisk med dette, også får resultat. Ein må tenkje på kva kompetanse ein treng om fem år.

OMDØMMEPROSJEKT

KS har også sett i gang eit eige omdømmeprosjekt for å vise fram kommunane som attraktive arbeidsgivarar. Dei som var med i prosjektet i 2010, var kommunane Austrheim, Bærum, Fjell, Fredrikstad, Kongsberg, Lom og Vestvågøy, og i tillegg Møre og Romsdal fylkeskommune. Her blir det lagt vekt på grep som å lage ein god arbeidsgivarstrategi, levere gode tenester og å samarbeide med andre om å marknadsføre kommunen.

KS tilbyr også eit eige praktikantprogram, som no utvida slik at tilsette i kommunar og fylkeskommunar kan delta. I 2009 vedtok KS ein eigen rekrutteringsstrategi. Strategien skal mellom anna hjelpe kommunane med å rekruttere unge og nyutdanna arbeidstakarar, redusere sjukefråværet og gi færre deltidsstillingar.

Meiner kommunereform er naudsynt

NHO meiner samhandlingsreforma skaper ein ubalanse mellom små kommunar og store oppgåver.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

I eit høyringssvar til samhandlingsreforma legg NHO vekt på at det fort vil bli ei utfordring med små kommunar med små fagmiljø på den eine sida og eit robust helsetilbod som stadig blir meir kompetansekravjande, på den andre sida.

– I lovforslaga som no er på høyring, manglar det offensive grep for å møte denne utfordringa, skriv NHO i uttalen.

Sjølv om store og robuste kommunar ikkje nødvendigvis løysar alle utfordringar i kommunesektoren, meiner NHO likevel dette er eit naudsynt tiltak for å sikre eit godt og berekraftig tilbod.

– Me veit at det å tilby større fagmiljø er eit suksesskriterium når det handlar om å tiltrekke seg kompetent arbeidskraft, heiter det i uttalen.

Vidare understrekar NHO kor viktig det er at regjeringa no legg til rette for ein større kommunereform, betre samhandling med næringslivet og ei satsing på bruk av ny teknologi for å gjennomføre samhandlingsreforma på ein god måte.

PRIS FOR GOD SPRÅKBRUK

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) gjev annakvart år ein pris for god språkbruk til ei offentlig verksemd, ei bedrift eller ein einskildperson som har fremja nynorsk språk og kultur.

Prisen skal delast ut i samband med landstinget på Sand i Ryfylke 28. – 29. april 2011.

Tidlegare har Ullensvang herad, Fylkesmannen i Rogaland, Vågå reiselivslag, Sogn og Fjordane Idrettskrins, Fjell kommune, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, Arne Brimi, Lotteritilsynet, Odd Nordstoga, Per Gynt-stemnet og Hordaland Teater fått prisen.

Dersom du veit om nokon som fortener prisen, send forslaget ditt med grunngjeving til:

LNK, Postboks 7044, St. Olavs plass, 0130 Oslo,
eller: **post@LNK.no**

Frist for innsending av forslag:

18. februar 2011





UTSET FRISTEN: Kulturminister Anniken Huitfeldt (Ap) utset no søknadsfristen for jobben som direktør i Språkrådet. (Foto: Wenche Nybo/KUD).

Leitar framleis etter direktør

Kulturdepartementet leitar framleis etter ny direktør til Språkrådet. – Me burde ha lyst ut stillinga tidlegare, seier kulturminister Anniken Huitfeldt (Ap).

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Departementet har no utsett søknadsfristen på nytt til 15. februar. Det har ikkje vore nokon lett prosess å finne arvtakaren til Sylfest Lomheim, som gjekk av som direktør i fjor haust. I fjor valde dessutan fire av sju styremedlemmer å trekkje seg fordi kulturministeren ikkje ynskte å tilsetje den kandidaten dei meinte var best kvalifisert.

– Språkrådet har i mellomtida hatt ein særst godt fungerande direktør i Sigfrid Tvitekkja. No er det viktig at me finn den rette personen til stillinga, og då må me bruke den tida det tar, seier Huitfeldt.

BEHOV FOR MEIR TID

– Då søknadsfristen gjekk ut 21. januar, var det berre kome inn éin søknad. Etterpå har det kome to søkjarar til, og fleire har vore i kontakt med rekrutteringsfirmaet og gitt uttrykk for at dei vurderer å søkje.

Men dei hadde behov for meir tid, og då valde me å utsetje fristen.

– Er ikkje dei søkjarane som har meldt seg, godt nok kvalifiserte?

– Eg kan ikkje seie noko om kvalifikasjonane til søkjarane. Men me ynskjer fleire på søkjarlista.

– Er det aktuelt å be Sylfest Lomheim kome attende i stillinga?

– Nei, det er ikkje aktuelt, slår kulturministeren fast.

Huitfeldt meiner dette er ein type stilling der det ikkje er mange kandidatar.

– Det har heile denne prosessen vist. Me burde nok ha lyst ut stillinga tidlegare, seier ho.

VIKTIG STILLING

Sylfest Lomheim er på si side ikkje overraska over at det tar tid å finne ein ny direktør.

– Det er ei krevjande stilling. Gode kandidatar finst, men ein må leite aktivt etter dei, seier Lomheim til Nationen og legg til at heller ikkje han har tru på eit eige comeback.

Styreleiar i Språkrådet, Ottar Grepstad, er samd i at det er ei av dei viktigaste stillingane i norsk kulturliv som no er ledig.

– Språkrådet rår over mykje og mangfaldig kunnskap om språk og språkpolitikk. Språkdirektøren kan dermed både vere på hogget fagleg, ha mykje kontakt med språkbrukarane og få brukt alt vedkomande kan om forvaltning og personalleing, seier han i ei pressemelding frå Språkrådet og viser til at Sylfest Lomheim var ein framifrå ambassadør for verdien av språk.

– Han løyste oppgåva på sin måte. No skal ein ny direktør løfte Språkrådet vidare, slår Grepstad fast.

ABC
Startsida®
- Ver nynorsk på nett


Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

MOT TIL Å MEINA

57 prosent av dei unge under 26 år meiner dei ikkje blir høyrte og ikkje får vera med bestemma.*

ER DET PÅSS
TIL UNGE
UNDER 26 ÅR I
FORMANNSKAPET
DITT?



KOMMUNAL OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år



(Foto: Marcel Leliënhof/Det Norske Teatret)

I kampen

Erik Ulfsby (40) vil ha fleire til å gå i teateret. Difor tek han samtida med seg inn på Det Norske Teatret.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR

judith@norsk-plan.no

Han vedgår at han alltid har likt å stå på scenen, å vere der det skjedde, midt i rampe-lyset. Som barn likte han alltid å organisere leiken, trekkje i trådane og bestemme litt. Kanskje det er difor eg regisserer i dag, seier osloguten undrande.

Seinare i ungdomstida laga han kortfilmar, dreiv med skuleteater og kom med i ruserevyen. Der møtte han andre lovande skodespelarar, som Linn Skåber, Christian Skolmen og Kristopher Schau, folk han fort fann tonen med.

Så vart det Romerike folkehøgskole, sidan mange av dei andre skulle gå der, og så Teaterhøgskolen. Og slik enda eg på teateret. Men alt i alt er det kanskje ei rekkje tilfeldige opplevingar som har ført meg dit eg er i dag, seier han med eit smil. Eg kunne kanskje like godt hamna ein annan plass.

– Ei stund ville eg bli journalist, men det blei det ikkje noko av. Eg får likevel sjansen til å seie frå om ting som ikkje er som dei burde, frå scenen. Det likar eg. Samfunnsproblem og utfordringar i sam-

tida er ein raud tråd gjennom Ulfsby sitt arbeid. Ikkje minst vil han ta samtida inn på teateret for å nå nye grupper tilskodarar. Slik skal innvandrarar, ungdom og fleire menn finne vegen til teateret.

– Eg likar den rolla eg har fått no. Eg vil gjerne delta i debatten der ute, samstundes som eg kan gjere noko kunstnerisk.

Erik Ulfsby har regissert om lag 40 skodespel, og nyleg vart han tilsett som ny teatersjef ved Det Norske Teatret. Enkelte meinte han kom til å gjere teaterprogrammet ved nynorskteateret for kommersielt. Kritikarane meinte det var langt frå Vidar Sandem til regissoren Ulfsby, som mest av alt var kjent for populære oppsetjingar som Jungelboka og Jesus Christ Superstar. Men etter at den nye teatersjefen la fram programmet før jul, har mange av kritikarane stilna.

– Det er god stemning her, og teatersjefstolen er god å sitje i. Eg har jo vore instruktør her før og har sett opp fleire teaterstykker her. Dei kjenner meg her, og eg kjenner teateret.

– *Korleis blir du som sjef?*

– Eg trivst med å bestemme. Og eg trur eg er ein offensiv sjef, som heller vil sjå framover enn å berre vere oppteken av det som har vore, meiner han bestemt.

Noko av det viktigaste han skal utrette i sjefstolen, er å gå i dialog med nye grupper publikum.

– Eg vil gjere teateret interessant for fleire enn dei som vanlegvis går her. I 2011 skal me ha 23 oppsetjingar. Det er ikkje noko poeng at alle skal like alt, men at det skal vere noko der for alle.

Ulfsby debuterte nyleg som teatersjef med det politiske spenningsdramaet Enron på programmet, eit stykke om det som skjedde i den globale finanskrisa.

No melder dei frå billettluken at det i hovudsak er menn som bestiller billetter. Det er kjekt.

Det norske teateret har alltid vore eit kampteater. Ulfsby snakkar seg varm om at teaterscenen skal bli ein kamparena, der ein kan løfte fram saker ein brenn for.

Teateret vart oppretta for folk som kom utanfrå, og som snakka rart. Me har alltid vore ein kamporganisasjon som har kjempa for minoritetane. Det skal me halde fram med å vere. Og me skal få fram nye førebilete. No blir det skodespelarutdanning for skodespelarar med ikkje-norsk bakgrunn. Utdanninga er eit samarbeid med Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT), er treårig og gjev ein fullverdig bachelorgrad. Etterpå er studentane sikra eit års praksis ved Det Norske Teatret. Dermed er grunnlaget lagt for fleire førebilete som Adil Khan, som spelte rolla som Mowgli i Jungelboka på teateret i 2008. Eit forprosjekt til utdanninga er støtta av Kulturdepartementet, og Ulfsby håpar ein skal vere i gang i 2012.

Det multietniske Noreg skal vise igjen på teateret. Me må ha bredde i programmet for å nå grupper som innvandrarar og barn og ungdom. Teateret har allereie eit stort publikum, men me må prøve å nå dei som ikkje naturleg oppsøker oss, seier Ulfsby.



(Foto: Marcel Leliënhof/Det Norske Teatret)

Dette er også kampteateret. Det er ein samanheng mellom nynorsk og ny norsk.

For nynorsk er også ein minoritet – og eit glimrande scenespråk, meiner Ulfby. Osloguten sitt forhold til nynorsk er ganske så profesjonelt, det er på jobb han brukar det, men likevel har han blitt glad i språket. – Det er klart at språkdebatten lever i større grad her enn på andre teater. Men framsyningane me leverer, skal ikkje framstå som nynorske, men som framsyningar som blir løfta opp av språket og ut av dagleglivet. – Me skal tilby ei brei vifte av kunstneriske uttrykk og kampsaker på nynorsk. – Nynorsken er eit effektivt hjelpemiddel for oss til å nå ut med det me vil, slår han fast. Sjølv er han halvt nederlendar og voks opp med to språk i dagleglivet. Han har sett kva rikdom det kan vere. Nynorsken si framtid er krevjande, men det er framtida til det norske språket generelt også. Det er press frå alle kantar, spesielt frå engelsk. Språket vårt blir

utfordra heile tida, seier han og legg til at nynorsken si framtid ikkje er lett å spå. Likevel er han sikker på at dersom fleire skal bli kjent med nynorsk, må språket bli presentert frå fleire ulike hald. Det var ingen som reagerte på at Hank von Helvete brukte nynorsk då han spelte Jesus i Andrew Lloyd Webber sin berømte musikal Jesus Christ Superstar. Viss det er uventa folk som brukar nynorsk, så blir det ikkje så farleg lenger.

Erik Ulfby er far til tvillingar på åtte år. Kvardagen er mest barn og arbeid, og det er lite tid til anna. Men på sommaren står båtturar med tresnekka høgt. Eller ein tur på hytta. Uansett likar han seg ute i det fri. – Teaterfolk vil gjerne gjere noko praktisk når dei har fri. Det som skjer på teateret, forsvinn så fort. Då får ein eit behov for å mure ein vegg eller hogge ved når ein har fri. Men kritikkane les han alltid, sjølv om han er på hytta. Det er tull at kritikarane ikkje betyr noko.

Sjølvsagt les eg kritikkane, og sjølvsagt går dei inn på meg. Dei gjev uansett ein peikepinn på korleis teaterstykket vil bli motteke.

– *Når er du nøgd?*

– Ein blir aldri nøgd. Eg kan godt sitje og sjå på ting eg har gjort, og gle meg over dei. Men nøgd blir eg aldri. Det er ein balanse det der – kunsten å aldri bli mett. Blir ein mett, har ein ikkje meir å gjere på scenen.

– Og dommen til folket er den aller viktigaste.

– Det viktigaste er det ettermålet som teaterstykket får, det som sit igjen hjå publikumet, og som dei fortel vidare.

– *Kva drøymmer du om no?*

– Veit du, eg har tenkt å realisere alle draumane mine her. Ikkje minst gler eg meg til å regissere junk-operaen Shockheaded Peter. Eg har funne min arena, ein arena der eg kan vere med og påverke. Men ein ting drøymmer eg om, om å få lov til å gjere Moulin Rouge i sceneversjon.

SJØLVMELDING

Namn: Erik Ulfby

Alder: 40

Bur: Oslo, Grünerløkka.

Sivil status: Separert

Aktuell: Tok nyleg til som ny teatersjef ved Det Norske Teatret

Les: Manus

Høyrer på: Tiger Lillies og Shockheaded Peter

Førebilete: Baz Luhrman

Navarsete til valkonferanse

Kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) kjem til Mot til å meina sin valkonferanse i Oslo for å gi innspel om korleis ein kan få ungdom politisk engasjerte.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
Judith@norsk-plan.no

Konferansen som går av stabelen 10. og 11. mars i Oslo, har fått tittelen "Snakk med oss – då gidde me kanskje stemma". Det er kommunane Hjelmeland, Sauda og Time som i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører pilotprosjektet som er retta mot ungdom under 26 år.

KORLEIS GI DEI UNGE MAKT?

På konferansen kjem blant andre kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp) for å snakke om korleis kommunane skal klare å få med seg dei unge i politikken.

Det er også sett av tid i programmet til å møte engasjerte ungdommar. Leiar i Granvin ungdomsråd, Synnøve Kvamme, vil til dømes snakke om kraftstriden i Hardanger og om korleis ei mast kan setje fyr på engasjement. Trond-Viggo Torgersen, som er leiar av regjeringa sitt utval om unge si makt og deltaking, skal gi svar på spørsmålet: Korleis gi dei unge auka makt på den politiske arenaen? Professor Frank H. Aarebrot kjem også og skal snakke om



KJEM: Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete kjem til Mot til å meina sin valkonferanse i Oslo. Her i samtale med Helge Evensen Bjørkum og Synnøve Askeland frå ungdomsrådet i Lærdal, som overrekte over 500 underskrifter til støtte for sjukehuset i Lærdal. (Foto: Agnar Kaarbø/KRD).

kva dei vaksne gjer gale, sidan dei unge ikkje vil vere med i politikken.

POLITISK INTERESSERTE

Målet er å auke det politiske engasjementet


blant unge. Ikkje minst arbeider ein for at fleire unge skal ønskje å ta del i politisk arbeid, politiske parti og politiske interesseorganisasjonar fram mot lokalvalet til hausten. Dei vidaregåande skulane som dekkjer pilotkommunane, har peika ut fem

elevar kvar som skal følgje prosjektet, leggje premissar og gi innhald til det.

DIKTARVEGEN

31.5. – 5.6. 2011

– TUR LANGS TRE NASJONALE TURISTVEGAR:
GJENNOM RYFYLKE, HARDANGER OG OVER GAULARFJELL



Turen går med buss over Jæren, gjennom Ryfylke, Hardanger og Voss heilt fram til Sogn og Sunnfjord og attende til Sauda/Sand.

På vegen vitjar me heimtraktene til **Arne Garborg, Rasmus Løland, Olav H. Hauge, Per Sivle og Jakob Sande.**

Pris: kr. 9900 som inkluderer buss, hotellopphald i dobbeltrom, frokost, lunsj og middag, og kulturarrangement undervegs.

Påmelding til Marny Skeie Henkel,
marny@nashornet.no
eller på tlf. **957 22 592** så raskt du kan,
seinast **innan 20. februar.**



Meir informasjon: **www.diktarvegen.no** og **www.nashornet.no**

Med forfattar og Lølandbiograf
Ernst Berge Drange
som forteljande reisefylje

Påmelding til Marny Skeie Henkel,
marny@nashornet.no eller tlf. **957 22 592** innan **1. mai.**

6.10. – 13.10. 2011

I fotefara av

RASMUS LØLAND

Turen går med fly frå Stavanger/Oslo til Berlin med retur frå München ei veke seinare. Opplev kunstnarbyen Berlin, deretter to dagar i Rüdesheim og dei siste dagane i Hall i Austerrike. Fokus på moderne barnelitteratur, ein arv frå Løland og Norsk Barneblad.

Pris: 14 800 som inkluderer flyreise med skattar og avgifter, transport, hotellopphald (dobbeltrom) m. frukost, alle utflukter, forelesingar og forteljarførestellingar undervegs. Eit felles måltid tildagen samt lunsj i Rüdesheim og siste dagen. Ikkje inkludert er drikke til maten.

RASMUS LØLAND-MARKERINGA 2007 - 2011



UNDRANDE
OG SKAPANDE

Vil ha gratis kurs

Fleire kommunar ynskjer no å nytte seg av språkkurset som LNK tilbyr gratis.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kurset På saklista er eit samarbeid mellom LNK og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Sjølv kursheftet er skrivi av førsteamanuensis ved høgskulen, Jan Olav Fretland. No tilbyr LNK dette kurset, der tilsette i kommunane lærer å skrivi eit betre og meir effektivt språk, gratis til sine medlemmer. Bakgrunnen er at organisasjonen stadig får inn meldingar om at nynorskurs er eit stort og udekt behov i kommunane.

For å klare dette måtte ein dele opp året, slik at det hausten 2010 og våren 2011 er medlemmer i Telemark, Rogaland, Oppland, Buskerud, Aust-Agder og Vest-Agder som får tilbodet.

– Pågangen har etter kvart vorte stor. Det tok noko tid frå kommunane fekk tilbod om gratis kurs, til kommunane tok kontakt med oss, men utpå hausten kom det seg. Dei som tek kontakt, er sjølvstgått glade for eit gratis kurs der LNK til og med dekkjer reise og opphald for kursdeltakarane, seier Tone Skjerdal ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

MYKJE Å LÆRE

På grunn av at det fort går to-tre månadar

frå ein kjem i kontakt med kommunen, til kurset vert halde, så vart ikkje det første kurset arrangert før no i januar.

– Men tilbakemeldingane er gode, seier Skjerdal og siterer evalueringane, der elevane blant anna seier at kurset er rett på sak, har gode repetisjonar og ein lyttande kursleiar. Ein av elevane konstaterer at han trudde han var god i nynorsk, men han skjønner no at han har mykje å lære. Andre trekte fram at det var ein lett og ledig tone under kurset, og at kursleiararen fann fram mange gode døme.

– VER TIDLEG UTE

I vår er det planlagt fire kurs i Valdres og Telemark, og dermed kan ikkje kurshaldar-

ren halde fleire der. Men i Rogaland er det berre planlagt eitt kurs, og kapasiteten er såleis betre der. Skjerdal rår kommunane til å vere tidleg ute.

– Kommunane må ta kontakt med oss på Høgskulen i Sogn og Fjordane for å avtale kurs. Det er lurt å ta kontakt nokre månadar før ein ynskjer å ha kurset, slik at både kurshaldaren og deltakarane får lagt inn datoane i kalenderen i god tid. Tilbodet nyttar ein kursmodell som inneheld diagnose, ein kursdag, mellomliggjande arbeid og ny kursdag. Kurset blir i tillegg tilpassa ved at ein kartlegg kva problem kursdeltakarane slit spesielt med.



PÅDRIVAR FOR BARNELITTERATUR:

Førsteamanuensis Tone Birkeland er ein av pådrivarane for det nye mastergradsstudiet i barnelitteratur. Ho har i meir enn 30 år arbeidd med forskning og formidling av barnelitteratur og er ein av dei fremste i landet på feltet. (Foto: Margunn Sundfjord/NPK).

Nytt studium i barne- og ungdomslitteratur

Til hausten startar Høgskolen i Bergen masterstudium i barne- og ungdomslitteratur. Tilbodet er det første og einaste i sitt slag i landet.

Studiet passar for alle som er interesserte i å formidla tekstar retta mot barn og ungdom, skriv høgskulen på nettsidene sine. Tekstane kan vera alt frå biletbøker, romanar, teikneseriar, sakprosa, medietekstar, lyrikk og fantasy.

Gjennom studiet får studentane fordjupa seg i korleis tekstane har blitt til og korleis dei aktualiserer spørsmål i tida.

– Det er plass til 10 studentar på studiet, og dei heldige blir tekne opp i eit godt fagleg miljø, seier førsteamanuensis Tone Birkeland. Ho er ein av dei fremste forskarane på barnelitteratur her i landet og ein av initiativtakarane til mastergradsstudiet. Saman med førsteamanuensis Nina Goga og førsteamanuensis Ingeborg Mjør ser ho fram til å ta imot studentar som vil fordjupa seg i barnelitteratur til hausten. (NPK)

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

* I snitt pr. veka **Gallup 1/2007

no kommunane er i
k situasjon at for å
nye ting, må ta
na. Dette skapar
te kommentar
apsrapporten for
Han peikar på at
ske analyse
ner at pressen
te tenestene
vesteringsnivå
m fører til at det
amt, og prior
Sveio kom
ert mykje. D
nskeleg å g
nester eller
hanfor dei ram
er tildelt utan
era vekk andre
rapporten g
m rapporten
grunn til uro
for halda fram
rt sett i gang
ten og følg
erlegare tilt
Mellom det
p til, er ein to
alle teneste
på å få fram
sial. I dette
rta retta sa
ingar som
skapsutv
n vil og kar
ja
på eininga
uka omstil
råsjå til de
rdering av l
ysing av des
erne delega
al gjennom
dell for til
sar til skul
heidet med
administrativ
på å frigj
da fram.
Det går v
apira at de
ed sjølvst
nippet er at
g resultatet
annen er kom
g, men den
n totalt sett
krev enno
siplin.
Tala for f
erforbruk
llionar kroner.
Rar
barnehage
uk på 3,1
ma opp i 3,7
gjort kons
område helse
ner overfor
er og vil kun
som det
dringar. På
atteinnkom
ste halvår.
reskøyta «H
i Foldroy
04, men er
no ikkje f
ss kommun
ellom anna
000 kroner
Saka har v
mmunen et
vart vurdert
oner. Eigare
vedtaket.
nde difor s
annen i vint
e månader
me fekk til
ne saka er
n klageinst
n sjølv kan
n dette med

Luftige planar på Voss

Viss alt går etter planen, opnar Noregs første vindtunnel på Voss våren 2012.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Initiativtakar og prosjektleiar Thomas Hårklau forklarar ein vindtunnel som eit digert vifteanlegg som bles så mykje luft oppover at folk faktisk kan flyte på lufta. I det militære har det vore vanleg å bruke slike vindtunneler til å trene soldatar i fritt fall, medan vindtunnelen på Voss i første rekkje skal vere for oppleving og aktivitet.

FØRST I NORDEN

–Vindtunnelen vår er ein type som sender lufta rundt og rundt i sirklar. Han bruker same lufta om igjen fleire gonger og er av den energieffektive typen, forklarar Hårklau. – Dette blir den første resirkulerande vindtunnelen i Norden.

Det er mange fordelar med ein vindtunnel, seier initiativtakaren:

– Du treng ikkje ha forkunnskap om korleis du bruker han. Det vil ta dei fleste 2-3 minutt frå dei prøver første gong, til dei meistarar det.

Vindtunnelen kan brukast av folk i alle aldrar, og nedre vektgrense for dei som vil sveve, er på om lag 13 kilo.

LANG VEG FRAM

Ideen om å få ein vindtunnel har levd ei stund på Voss. Eit aktivt fallskjermmiljø har ønskt seg ein slik lenge, og første gong gründeren Hårklau byrja å involvere seg, var i 2005.

– Eg vart nysgjerrig, seier han. – Kunne det vere økonomisk berande?

Enno gjekk det to år før prosjektet vart til noko meir handfast enn planar og ønske. Då fekk Voss seg eit destinasjonsselskap, og i det laget var det investorar som var interesserte i å vere med. På den tida var det både eit ønske om ein vindtunnel og ein marknad for han, seier Hårklau. No



LUFTIG: Vindtunnelen på Voss vil bli ein beilårsaktivitet uavhengig av vêr, vind og miljø. (Illustrasjonsfoto: Eric Charlton)

er finansieringa på 52,5 millionar kroner på plass, og bygginga kan ta til så snart vinteren slepp taket. Prosjektet har eit eigedomsselskap og eit driftsselskap, og tanken er at det skal vere sju tilsette i drift når vindtunnelen opnar.

FRÅ TYSKLAND

– Vi har fått god støtte frå kommunen, Innovasjon Noreg og ikkje minst lokale bankar som har strekt seg langt, seier Hårklau. Alle investorane som er inne i selskapet, deriblant Stein Erik Hagen sitt selskap Canica, er norske. Alt spesialutstyret

til vindtunnelen skal hentast frå Tyskland. Sjølv bygginga er det lokale leverandørar som står for, og Hårklau reknar med at ho vil utgjere 50 prosent av investeringa.

– Dette er det første store prosjektet for destinasjonsselskapet, og det er eit utruleg viktig prosjekt, seier Thomas Hårklau.

MOT TIL Å MEINA

KONFERANSE
Hotell Bondeheimen i Oslo
10. – 11. mars 2011

Arnfin Vigrestad
Per Inge Torkelsen
Merima Maja Brkic
Svein Tore Marthinsen
Arne Jensen
Frank H. Aarebrot
Trond-Viggo Torgersen
Synnøve Kvamme
Helge Andre Njaastad
Vette Wang Soleim
Janne Johnsen
Liv Signe Navarsete
Trond Blindheim
Jorunn Osland
Einar Schibevaag
Helen Frøyseth
Janne Nerheim
Gunnhild Berge Stang

– då gidde me kanskje stemma

Konferanseavgift (utan overnatting),
lunsj begge dagar og middag torsdag
11. mai: kr 2.700

Overnatting på Hotell Bondeheimen 10.
–11. mars: kr 900

Påmelding innan 10. februar 2010 til
e-post: seminar@garborg.no eller
telefaks: 52 79 04 81

**MEIR INFORMASJON og FULLT
PROGRAM: www.LNK.no**

LOKALAVISER FAGFORBUNDET

Julegåve til Løland-markeringa



Marny Skeie Henkel.
(Foto: Suldalsposten).

Løland-markeringa får 180 000 kroner frå Kulturdepartementet til innspurten i 2011.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det var stortingsrepresentant Geir Pollestad (Sp) som kunne gi gåva til Roy Høibo ved Ryfylkemuseet. Tidlegare kom markeringa inn i statsbudsjettet som ein merknad, og no kjem det altså midlar frå departementet.

Samstundes går arbeidet med å etablere eit nasjonalt barne- kultursenter på Sand vidare. Og Pollestad legg vekt på at denne summen på 180 000 kroner ikkje er den endelege løyvinga, men eit skritt på vegen.

Museet førebear for tida ei opplevingsutstilling for barn, basert på boka Kvitebjørnen av Løland. Denne utstillinga opnar 27. april i samband med at LNK skal halde sitt landsting i Suldal.

Berit Reinertsen Sandvik har no tatt over stillinga som dagleg leiar i Rasmus Løland-markeringa etter Marny Skeie Henkel, som slutta ved nyttår.



(Foto: Paul Sigve Amundsen).

Fengsla Årets nynorskbok

Ungdomsromanen Fengsla av Hilde K. Kvalvaag er kåra til Årets nynorskbok 2010.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Jøss, det er utruleg. Eg hadde ikkje venta at ein ungdomsroman ville hevde seg i konkurranse med skjønnlitteratur for vaksne og sakprosa, seier Kvalvaag til Dag og Tid etter kåringa.

Det er lesarane til Dag og Tid som har kåra boka til Årets nynorskbok 2010. Fengsla var den einaste ungdomsroma-

nen som var nominert blant årets bøker. Kvalvaag er til dagleg redaktør for Hubro, som er forskningstidsskriftet til Universitetet i Bergen. I fjor fekk ho i tillegg Brageprisen for boka Fengsla. Sidan ho debuterte i 2003, har ho skrive tre bøker for born og ungdom og ei vaksenbok.

– Så mykje blest om ei bok har eg aldri opplevd tidlegare, og det er sjølv sagt svært gledeleg, seier Hilde K. Kvalvaag til Dag og Tid.

Mellom dei andre nominerte var Carl Frode Tiller, Lars Amund Vaage, Jon Hellesnes og Ottar Grepstad.

Moldestad til Dei nynorske festspela

Den prisvinnande felespela- ren Sigrid Moldestad kjem til Dei nynorske festspela i juni.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Moldestad er ein av dei mest etter- spurde folkemusikarane i landet i dag, og ho kjem til festspela med sitt faste band, som har Sigbjørn Apeland på harmonium, Jørgen Sandvik på gitar, banjo og mandolin, Anders Hall på feler og Anders Bitustøyl på kontrabass.

Den tidlegare Spelemannspris-vinnaren vart i 2010 kåra til Årets folkemusikar for 2010, ho vann Folkelarmprisen 2010 for plata Sandkorn og fekk også heimkommunen Gloppen sin målpris. På tampen av året blei ho tildelt fylkes- kulturprisen for Sogn og Fjordane og Lutt-prisen frå NRK Sogn og Fjordane.

Det endelege programmet for Dei nynorske festspela blir ikkje lagt ut før i april, men det er allereie klart at forfattaren Bjørn Sortland frå Bømlo i



(Foto: Magnus Skrede).


Sunnhordland blir festspeldiktart. Sortland blir den attande festspeldiktaren, og han har gitt ut om lag 40 bøker, dei fleste for barn og unge, men han skriv også bøker for vaksne.

Dei nynorske festspela 2011 blir arrangerte i Ørsta og Volda frå torsdag 23. til søndag 26. juni, med Ivar Aasen- tunet som hovudarena.

MOT TIL Å MEINA

60 prosent av elevane i den vidaregåande skulen ynskjer å snakka meir med politikarane og andre som bestemmer i samfunnet.*

KVA TID MØTTE PÅ PARTIET DITT PÅ SIST OPP PÅ EIN SKULE?



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Kartlegging ved tre vidaregåande skular i Rogaland



Kjartan Longva (Ap) er ordfører i Høyanger kommune.


Kommunestyret i Høyanger har 21 representantar: Ap (9), SV (1), Sp (3), Krf (1), H (4), Raudt (2) og 1 uavhengig.

1. januar 2010 hadde kommunen 4 256 innbyggjarar. Kommunen ligg i Sogn og Fjordane, på bae sider av Sognefjorden. Kommunesenteret heiter Høyanger. I tillegg finst tettstadene Kyrkjebø, Vadheim, Norevikane, Torvund, Lavik, Lavikdal, Ortnevik, Søreide, Østerbø, Bjordal og Ikjefjord.

Høyanger har tradisjonelt vore ein industrikommune, med særskild vekt på aluminiumsproduksjon. Det første aluminiumsverket starta i 1917. I 2004 la Hydro ned den mest forureinande delen av aluminiumsproduksjonen. I 2009 gjekk felgfabrikken Fundo konkurs. Både nedleggingane gjorde at kommunen fekk omstillingsmidlar frå staten. Nye eigarar har no teke opp produksjonen av felgar på nytt.

Høyanger grensar til Fjaler, Gaular, Balestrand, Vik, Modalen, Masfjorden, Gulen og Hyllestad. Næraste store handelssentrum er Førde, ein times køyring frå Høyanger. Lokalavisa for Høyanger er Ytre Sogn.

Kjelder: SSB og Wikipedia



ORDFØRAREN OM:

Folketalet:

Høyanger hadde 10 prosent nedgang frå 1998 til 2009. I fjor auka vi med 20 innbyggjarar, og vi håper no at botnen er nådd.

Kommunesamanslåing:

Viss vi slår oss saman med Balestrand, får vi ein lang kommune som strekkjer seg over 13,5 mil på nordsida av Sognefjorden. Startar du i Oslo og køyrer så langt, hamnar du i Lillehammer og kryssar fleire kommunar og fylke på vegen. Eg tar ikkje noko initiativ til ei samanslåing.

Språk:

Vi er ein nynorsk-kommune og stiller krav til våre tilsette. Er du austlending og søkjer jobb her, så må du lære deg nynorsk.

Omstilling:

Når kommunen har hamna i ein omstillingsfase, så kan du gremje deg noko grenseløst. Når du så har fått ut statlege midlar, må du slutte med det.

Ekstra innsats for ledige

Eitt år etter konkursen i 2009 var 93 tidlegare Fundo-tilsette framleis utan jobb. Det kalla på ekstratiltak.

TOYNI TOBEKK

toyni@norsk-plan.no

–Våren 2009 såg vi at det var liten bevegelse i massen av arbeidslause, altså at det var dei same som var arbeidslause då, som året før.

Vi visste òg at viss ingenting skjedde, ville desse miste dagpengane sine etter ytterlegare eitt år.

Vi var tvungne til å tenkje nytt.

Slik vart prosjektet «Nye vegar» til, forklarar prosjektleiar Liv Anne Breidablik, og ho seier det låg eit tydelig krav frå styringsgruppa, som består av rådmannen og direktøren i NAV, om at ting måtte gjerast på ein annan måte enn ved tradisjonelle sysselsetjingstiltak.

SAMARBEID

Prosjektet vart etablert 9. juni i fjor som eit samarbeid mellom Høyanger kommune og NAV, med økonomisk tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det vart heilt bevisst lokalisert utanfor NAV-kontoret, og det fekk eige kontor, eigen prosjektleiar og eit eige budsjett. Målgruppa var personar med mindre enn eitt år igjen på dagpengar.

«Nye vegar» skulle bli ein møteplass kor dei langtidsledige kunne kome for å få individuell oppfølging og tilpassa hjelp.

– Somme av dei byrja gjerne på fabrikken i ung alder og har aldri jobba nokon annan plass. Då har ein aldri søkt på jobb før, og ein treng hjelp til skriving av søknad og til jobbintervju, seier Breidablik.

«LIKEMENN»

Samstundes som at kvar einskild skulle få tilrettelagd hjelp, har det vore viktig å gjere ting i grupper og å spele på fleire strengar. Mellom anna vart to av dei langtidsledige tilsette i prosjektet for at prosjektet skulle kunne gjere seg nytte av kompetansen deira som, nettopp, langtidsledige.

– Vi kan systemet, søkje prosessane og kjenner arbeidsmarknaden, men desse to hadde ein kjennskap til det å vere ledige som vi ikkje har.


Dei to «likemennene» var inne i prosjektet i arbeidspraksis ei stund, men har no fått seg anna arbeid.

FLEIRE I JOBB

Og sakte, men sikkert har fleire kome seg i arbeid. I april i fjor var det 4 i denne gruppa som hadde full jobb, 19 hadde delvis jobb, og 79 hadde ikkje jobb. Rett før jul i fjor viste tala at 23 hadde full jobb, 23 delvis jobb, og 42 hadde ingen jobb. Totaltala varierer litt, då somme har falle ut av gruppa av naturlege årsaker, som svangerskap og liknande.

Å skaffe alle desse jobb har ikkje vore ei enkel oppgåve i ein kommune med jobbtørke, seier prosjektleiaren.

– Vi har følgd med på anbod som blir



NYE VEGAR: Liv Anne Breidablik og NAV jobbar med å få tidlegare Fundo-tilsette ut i arbeid att. (Foto: Ytre Sogn avis).

lagde ut, nytta kjenningar og nettverk, og til og med køyrt arbeidssøkjjarar rundt i fylket for å vise dei fram på ein arbeidsplass.

Ein tett kontakt med dei arbeidsgjevarane som finst, både notidige og framtidige, har vore naudsynt.

HØGE AMBISJONAR

Dei arbeidssøkjande i gruppa deler seg aldersmessig i to like delar, halvparten frå 40 år og ned, halvparten frå 40 og opp. Det er mange unge i gruppa samanlikna med den gjennomsnittlege massen av arbeidsledige, seier Breidablik, og for prosjektet er desse ei prioritert gruppe å få ut i jobb att.

– Då prosjektet starta i fjor, sette styringsgruppa som mål at 50 personar av denne gruppa skal vere i jobb eller i aktivitet før dagpengeperioden er over, og det vart kalla høge ambisjonar. Det målet trur eg at vi når, seier Liv Anne Breidablik.

– Men sjølv om jobb er viktigast, må vi òg sjå på om det er folk i denne gruppa som har krav på andre ytingar. Eg trur ikkje det er realistisk at alle i gruppa kjem seg ut i jobb att på kort sikt.

HELD FRAM

Prosjektleiaren trur «Nye vegar» har vore med på å snu haldningane til langtidsledige i Høyanger.

– No håper vi at prosjektet kan brukast som mal for arbeid med langtidsledige i andre kommunar også, seier Breidablik.

Dagpengeperioden nærmar seg slutten for somme av dei arbeidsledige, og for dei fleste går den ut i løpet av første halvår i 2011.

Prosjektet «Nye Vegar» har no søkt Fylkesmannen om nye midlar for 2011, og kommunen og NAV er innstilte på å halde fram med prosjektet dette året.

SAGT OM HØYANGER:

– Vi tapte offare enn vi vann, men det er greit å ha lært seg å handtera det også.
Even Hovland, no i fotballklubben Sogndal, om å spele fotball i Vadheim. Kjelde: [framtidinord.no](#)

Framleis utan jobb

Kent Johnny Jansson (42) hadde jobba i støyperiet på Fundo Wheels i 17 år då han mista jobben for to år sidan. Enno har han ikkje noko fast i sikte, men han håper på betre tider.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Eg har hatt nokre jobbar her og der etter Fundo. Eg var seks veker på eit slakteri, ei veke på ein jobb på Stord og slike ting. Men ikkje noko fast, seier han.

Kent Johnny Jansson kom til Høyanger frå Charlottenberg i Sverige i 1993. Då hadde han allereie jobba nokre år på eit støyperi i Sverige, som også var eigd av Fundo. Nokon annan jobb har han aldri hatt.

Å gå ut av fabrikken siste dagen i februar 2009 kjendest merkeleg, seier han. Nesten som eit sjokk, sjølv om dei tilsette hadde visst lenge at det kom til å gå den vegen.

– Eg trudde i det lengste at det skulle gå bra, at vi skulle berge fabrikken.

Vi hadde jo vore ute i hardt vær før, seier han.

350 UT DØRENE

Men dei gode tidene, med fast inntekt og ein jobb å gå til, tok slutt, og ei heil bygd fekk merke at ei hjørnesteinsbedrift la ned. 350 tilsette mista jobben sin, 290 av dei registrerte seg som arbeidssøkjande etterpå.

Mange av desse fekk no økonomiske problem, og kommunen hadde tilbod om gjeldsrådgjeving i tida etter konkursen. Sjølv kan ikkje Jansson minnst at han fekk tilbod om slik rådgjeving, men han har greidd seg økonomisk på eit vis, seier han.

– Eg har hovudet over vatnet, eg skal ikkje klage. Eg ville nok flytta tilbake til Sverige hadde det ikkje vore for at eg hadde kjøpt meg hus i Høyanger. Og utan sambuaren min hadde eg ikkje greidd å sitje med huset, seier Jansson. – Eg veit at det er mange som slit, men dei vil ikkje snakke om det.

– Korleis var oppfølginga frå det offentlege i tida etter konkursen?

– Først fekk vi kontakt med eit krise-team, så hadde kommunen møte på samfunnshuset ein gong i veka ei tid, kor dei informerte om kva som vart gjort for oss. Etter det tok NAV over, og i fjor starta vi med prosjektet «Nye vegar».

GOD HJELP I NAV-PROSJEKT

Jansson meiner «Nye vegar» burde kome i gong på eit tidlegare tidspunkt, det er eit prosjekt som har gitt han noko. Her får han treffe andre tidlegare Fundo-tilsette som er i nett same situasjon som han sjølv, han får tilgang til telefon og pc og høve til å finne og søkje på arbeid. Betre enn å treffast på kafé, seier han.

No er det gått nesten to år sidan han mista jobben, og i den perioden har han søkt på ei rekkje jobbar. Som regel kjem han ikkje vidare enn til ei liste og ein arbeidsgjevar han ikkje høyrer meir frå. Å gå arbeidsledig lenge går på psyken laus, seier han, men han håpar det losnar i løpet av våren. Han er sikra dagpengar til over sommaren, så han har enno eit halvt år på seg.

VIL HELST BLI

I desse dagar har Saint Jean Industries, som opnar den nye felgfabrikken, byrja å lyse etter folk, og sjølv om Jansson ikkje er trygg på at han er den personen som trengst, så kjem han til å søkje jobb der.

– Kva jobb kunne du tenkje deg?

– Det veit eg ikkje. Kva som helst, nett no. Eg har søkt jobb på Svalbard ein gong òg.

– Er du villig til å flytte for å få deg ein jobb?

– Eg er førebudd på å måtte flytte, men aller helst vil eg bli buande. Då eg flytta hit til Høyanger, sa eg at eg kom til å flytte heim til Sverige viss eg fann noko betre der. Men det fann eg aldri, så eg er her enno.



UTFORDRINGAR: Når ein har jobba med ein ting beile livet, er det utfordrande å skulle få seg ny jobb, seier tilsette ved den tidlegare felgfabrikken. (Foto: Tiago Freitas).

Klaga på bokmålsskilt

Ein ny gang- og sykkelsti på Kyrkjebø i Høyanger vart tidleg i vinter omkransa av skilt på bokmål. Det fall ikkje i smak hjå Oddborg Hellebø Klævvold. Fraser som «opphøyd gangfelt» og «Kjøring til eiendommene til-latt» syntest ho ikkje noko om. Til [Firda.no](#) seier ho at dei som har sett opp slike skilt i ein nynorskkommune, må ha eit likegyldig og overflatisk forhold til norsk språk. Ho trur folk i hovudstaden hadde reagert likeeins om der hadde blitt sett opp skilt på nynorsk. Hjå Statens vegvesen seier dei til nettavisa at bokmålsskilta var ein glipp, og dei lovar å setje opp nye skilt.

ABC

Startsida®

- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startsida.no

REGISTRERTE ARBEIDSLEDIGE, I PROSENT AV ARBEIDSSTYRKEN		HØYANGER	SOGN OG FJORDANE	LANDSGJENNOMSNITT
Desember	2010	3,6	ikkje oppgitt	3,6
Januar	2010	5,4	2,4	3,4
Gjennomsnitt	2009	6,1	1,9	2,7
Gjennomsnitt	2008	1,0	1,1	1,7
Gjennomsnitt	2007	0,9	1,3	1,9

Kjelder: SSB/NAV

SAGT OM HØYANGER:

– Dette provoserer og opprører meg veldig! Dersom ikkje «Riksmålsskilta» her på Kyrkjebø vert fjerna ganske så snart, vurderer eg verkeleg å finne fram verkty og å ta saka i egne hender.

Innbyggjar Oddborg Hellebø Klævold til Ytre Sogn avis om Vegvesenet sine skilt på bokmål

– Å ha ambisjonar som ein ikkje greier å nå, er lite oppmuntrande. Høyanger bør revidere målsetjingane sine og gjere dei meir realistiske og oppnåelege.

Rune Fromreide, assisterande fylkesdirektør i Innovasjon Noreg Sogn og Fjordane til Firda om Høyanger si målsetjing om å auke talet på arbeidsplassar med 13 prosent og innbyggjarar med 0,5 til 1 %.

Mårenbiennalen for fjerde gong

Kulturarbeidar og poet Ivar Orvedal arrangerer annakvart år ein musisk biennale i Måren, som er ei veglaus bygd i Høyanger med fem fastbuande.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Ivar Orvedal er i desse dagar i gang med å planleggje biennalen for 2011, den fjerde i rekka. Han fortel at ideen om ein biennale opphavleg sprang ut frå ein annan visjon, nemleg å gjere småbruket hans og skulehuset i Måren om til kulturhage og kulturhus; «Kulturhagen i Måren». I 2001 bestemte Ivar Orvedal og musikar Karl Seglem seg for å skipe til eit kulturarrangement for interimstyret for kulturhagen, og det vart ein slags uoffisiell biennale.

To år seinare syntest Seglem og Orvedal det var på tide å gjere det til ei open hending, og den første offisielle Mårenbiennalen vart opna sommaren 2003 av Einar Førde. Sidan då har det blitt to biennalar til, så eit opphald i 2009, og no er Ivar Orvedal i gang med å søkje støtte for å sjå om det blir råd til å arrangere biennale til sommaren.

ALTERNATIVT

Førebels har ikkje Orvedal programmet klart, men han har ein visjon og ei meining om at kyrkja og kyrkjerommet skal få spele ei tematisk rolle, og eit ønskje om samarbeid med kyrkjene i kommunen. Arrangementet har alltid vore meir alternativt enn kommersielt, med musikk, litteratur og biletkunst i sentrum, fortel Orvedal, som også sjølv er poet. Kjende namn som trekk



KULTURSAMARBEID: Ivar Orvedal satsar på å få gode samarbeidspartar til Mårenbiennalen dette året. (Foto: Bjarne Bekkeheien Aase).

eit stort publikum, er ikkje noko poeng for Orvedal, sjølv om han hadde Knut Nærum som gjest eit år temaet for biennalen var teikneseriar.

– Vi vel kvalitet i staden for plakatanamn, seier Orvedal. – Hjä oss får publikum alt frå afrikansk folkemusikk til undergrunns-musikk.

Og publikum likar det dei får. Orvedal fortel om tilbakemeldingar frå gjester som har fått kunstopplevingar dei ikkje er vane med, men som dei har sett stor pris på.

TELTIV

Biennalen har alle åra fått støtte frå fylke, kommune, næringsliv, Kulturrådet og andre statlege organisasjonar. I år ønskjer biennalen dessutan å samarbeide med andre kulturkrefter i og rundt Høyanger kommune for å få eit større publikum og større artistar. På det meste har biennalen hatt heile 50 utøvarar, men det meiner Orvedal nesten blir for stort.

Festivalområdet der biennalen finn stad, har sine avgrensingar, men Orvedal er ikkje

redd for at det skal hindre folk i å kome. Skulehuset har plass til 10 elevar, men det er mogleg å få plass til 40 tilskodarar der. Og campingplass for teltturistar finst i nærleiken, det einaste overnattingstilbodet utanom private hus.

– Vi har ikkje hatt noko eige system for å telje kor mange gjester vi har ei slik helg, men ut frå billettinntektene har vi rekna oss fram til omlag 100 gjester kvar dag som kjem til Måren.

PIRION-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Toyni Tobekk på tlf. 52 79 04 82 eller pirion@norsk-plan.no


Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?



**KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE
OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN**

Trur på ny teknologi



FRAMTID: Utvikling av nye produkt har vore avgjerande for å få kommunen på fote att. Men å skape framtida sine produkt tar tid, seier ordførar Kjartan Longva i Høyanger. (Foto: Ytre Sogn avis).

Ny teknologi skal vere med og få Høyanger på fote etter fabrikk-konkursen som førte 350 menneske ut i arbeidsløse i 2009.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Då felgfabrikken Fundo gjekk konkurs, var det mellom anna som følgje av finanskrisa, som meir eller mindre stoppa ordretilgangen frå bilprodusentane. Konkursen resulterte i arbeidsløse i eit omfang Høyanger kommune aldri hadde opplevd før.

– Vi visste at felgfabrikken ikkje ville vere levedyktig i framtida, og vurderte nye bedrifter og nye marknader som kunne

overta dei tilsette på sikt. På det tidspunktet hadde i tillegg Hydro lagt ned ein av aluminiumshallane sine, med 129 tilsette, forklarar ordførar Kjartan Longva (Ap).

Industrikommunen hadde fått omstillingsmidlar som følgje av dette og var godt i gang med å planleggje ei ny framtid. Men avviklinga av Fundo kom raskare enn dei var førebudde på, og framtida såg med eitt mørkare ut.

– Det er ikkje kjekt å sjå at det står vaksne folk og heng på alle hjørne i bygda, seier ordføraren om tida etter konkursen. – Vi har aldri hatt vidare arbeidsløse her i kommunen, så dette var ein ny situasjon.

OMSTILLINGSMIDLAR

No, to år seinare, er talet arbeidslause redusert til mellom 60 og 70. Sjølv om det

også er for høgt, meiner ordføraren det er god grunn til optimisme.

– Regjeringa har vore gode i denne tida. I tillegg til midlane vi fekk etter at Hydro la ned, fekk vi no 30 nye omstillingsmillionar, seier ordføraren.

Framtidsplanane kommunen jobba med då Fundo gjekk dukken, innebar satsing på industrialisert forskning, og dette arbeidet har no byrja å gje konkrete resultat. I dag har tre verdspatent sitt opphav i Høyanger, og ordføraren trur mykje av svaret på Høyanger sine utfordringar ligg her.

Dei tre patenta det er snakk om, er ein ny type hybridfelg, ei brenselcelle som bruker drivstoffet i køyretøyet til å lage straum, og ein ny prosess for å konvertere naturgass til karbonpulver.

NYE EIGARAR

Eit fransk selskap, Saint Jean Industries, kjøpte i fjor opp Fundo og har etablert seg i eit av dei gamle industribygga i kommunen. Allereie til sommaren reknar dei med å levere den første prøva på denne nye typen felgar til bilfabrikken Audi, og Saint Jean Industries hevdar dei vil kunne ha 192 tilsette i fabrikk sin om fire år.

Når det gjeld vidareforedling av brenselceller, er det bestemt at det skal byggjast ein fabrikk på Kyrkjebø, der ein skal byggje og montere denne brenselcella i køyretøy til mellom anna det militære. Kommunen har brukt av omstillingsmidlane sine til å leggje tomte til rette. SIVA vil byggje fabrikk, og firmaet Cold Flame Tech skal leige og drive med mellom 60 og 70 tilsette. Fabrikk vil truleg vere i drift våren 2012.

TRENG INVESTORAR

Karbonfabrikken, som skal gjere naturgass om til karbonpulver, leitar framleis etter investorar. Kommunen har gått inn på eigarsida med 17 prosent, men det trengst også tyngre industrielle aktørar, seier Longva. Også Forskingsrådet er involvert i dette prosjektet, som truleg vil lokalisere seg på avlagt grunn etter Hydro.

Med desse tre verdspatenta i ryggen trur ordføraren at kommunen kan få stetta både kortsiktige og langsiktige behov.

– Vårt kortsiktige mål er å få flest moglege folk ut i arbeid att. Det har vi greidd til ein viss grad, men utfordringa med dei som står att, er mellom anna at dei ikkje nødvendigvis har den kompetansen som desse nye bedriftene treng.

På lang sikt er utfordringa å gjere kommunen mindre avhengig av ein eller to store bedrifter, slik situasjonen har vore sidan aluminiumsindustrien gjorde sitt inntog på byrjinga av førre hundreåret. Etablering av nye bedrifter tufta på ny teknologi vil gjere kommunen meir allsidig og mindre avhengig, seier Longva.

EIN UKNEKKELEG BLOM

Nyleg vart det óg klart at eit psykiatrisk sjukehus med fokus på rusomsorg har fått trygge rammer frå Helse Vest, noko som tryggar arbeidsplassane for bortimot hundre tilsette.

– Vi er eit samfunn og eit folk som ikkje let oss knekkje så lett, seier ordføraren og viser til at Høyanger valde seg løvetanna som kommuneblom for nokre år sida.

– Den blomen veks gjennom asfalt, han lèt seg heller ikkje knekkje.

Etter nokre år med nedtur og omstillingar har no kommunen bestemt seg for å gjenreise omdømmet sitt. Det er nedsett ei omdømmegruppe som i desse dagar reiser til Oslo for å diskutere med profesjonelle kommunikasjonsfolk kva som kan gjerast. Arbeidet er i oppstarten, og noko konkret i form av visjonar og slagord har ikkje ordføraren enno.

Sjølv får ikkje Kjartan Longva vere med og styre den nye framtida for Høyanger, i alle fall ikkje frå ordførarsetet. Denne vinteren går han av med pensjon, og han stiller heller ikkje til val att til hausten.

– Etter 16 år som ordførar er det på tide å sleppe yngre krefter til, seier Longva.

Pioner på havbruk

Osland havbruk starta med laks- og aureoppdrett i 1965 og er ei av dei eldste havbruksverksemdene i landet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Erik Osland er dagleg leiar i Osland havbruk og barnebarnet til Erling Osland, som starta verksemda for 45 år sidan. Han fortel om ei næring som har gått frå å vere ei tilleggsnæring for bønder til å bli ein vesentleg arbeidsplass langs heile kysten. Sjølv har han 16 tilsette hjå seg, noko som må ha verka lite sannsynleg den gongen bestefaren møtte stor motstand og lite forståing for denne næringa han ville starte med. Den gongen vart det rekna som noko tilnærma galskap.

Osland havbruk har i dag klekkeri for aurerogn og -yngel, og aure og laks som

matfisk. Dei leverer 5000 tonn fisk i året, hovudsakleg til eksport. Rognproduksjonen er til eigen fisk. Sidan oppstarten har havbruksnæringa vore gjennom store endringar, spesielt i måten oppdrettarane har organisert sal og distribusjon på. På syttitalet vart det oppretta eit felles salslag som skulle sikre at oppdrettarane fekk prisar som dekkja kostnadene, og handtere overproduksjon. I 1991 gjekk salslaget konkurs, og kvar tilbydar fekk møte den frie marknaden på eiga hand.

IKKJE LANDBRUK

Osland meiner det òg har vore viktig for næringa at den har sortert under fiskeridepartementet heile denne tida, og ikkje under landbruk, slik ein kanskje såg for seg viss havbruk berre var attåttnæring på gardane.

– Den store skilnaden mellom havbruk og landbruk meiner eg ligg i at havbruk ikkje er ei subsidiert næring.

EIGE EKSPORTSELSKAP

Det siste tiåret har Osland havbruk auka produksjonen monaleg. Erik Osland meiner dette er mykje takka vere at dei har gode plassar å drive, både til lands og i vatn. Klekkeriet er landbasert, medan matfisken går i sjø.

Bedrifta er òg medeigar i eit eksportselskap i lag med andre selskap på Vestlandet. Eksportselskapet handlar med 70 land i heile verda, og ingen av desse landa står for meir enn ti prosent av mottaket.

– Det er rimeleg jamt fordelt, men dei største mottakarlanda er Spania, Tyskland, Belgia, Nederland, Portugal, Japan og England. Russland har òg blitt ein stor mottakar, seier Osland.

TRENG KOMPETANSE

Marknaden for norsk laks er god for tida, og Osland er rimeleg optimistisk med tanke på framtida.

– Laks er ei av dei sterkaste merkevarene i Noreg og i store deler av verda, og næringa treng ikkje bruke mykje ressursar på å marknadsføre han.

Osland havbruk har saman med andre aktørar starta opp att med kveite, etter å ha prøvd seg på dette tidlegare. Men å utvide og byggje opp er ikkje berre problemfritt. Tilgangen på kompetanse er ikkje alltid den beste. Særskild merkast det at akvakulturlinja ved Høgskulen i Sogn og Fjordane si avdeling i Sogndal la ned for nokre år sidan.

– Rekruttering til næringa er utfordrande. Her kan vi jobbe med fleire tiltak, til dømes få ungdommar i sommarjobb for å fange interessa deira. Å jobbe med godt omdømme både nasjonalt og ikkje minst lokalt er også svært viktig, seier Erik Osland.



Språkråd frå Språkrådet sine nettsider
www.sprakradet.no.

SPRÅKRÅD

Mellomrom ved skiljeteikn

Det skal ikkje vere mellomrom framfor punktum, komma, utropsteikn, spørjeteikn, kolon og semikolon. Merk at det skal vere berre eitt mellomrom etter eit punktum som avsluttar ei setning.

Det var ein gong tre prinsesser som budde i eit slott. Ein dag fekk dei besøk av ein prins. God dag! sa han. Du er vel trøyyt, så du vil kvile? sa den eine prinsessa. Han sa: Det er vel så, det.

Når ein bryt av ei framstilling med tre punktum, skal det vere eit mellomrom før dei tre punktuma dersom eit ord er utelate.

Viss du ikkje er snill, så ... Er det meininga å gjere det slik, eller ...?

Når bokstavar er utelatne, skal det ikkje vere mellomrom før det første punktumet.

Svarte f...!

Eitt eller fleire ord?

Når vi har bruk for ord som er sette saman av fleire ord eller av grupper av ord, kan vi bli i tvil om dei skal skrivast i eitt eller i fleire ord. Vi kallar det særskriving når orda i eit uttrykk eller ei ordgruppe blir skrivne kvar for seg: til saman, for så vidt, mang ein, i dag. Det blir kalla samanskriving når uttrykk eller grupper av ord blir skrivne i eitt, utan mellomrom: iblant, altfor, overalt.

Dato

Den offisielle norske skrivemåten for datoar har den tradisjonelle rekkjefølgja dag-månad-år.

Døme:

den 5. juni 2006

5. juni 2006

5.6.2006

05.06.2006

5.6.06

05.06.06

Norsk Standard NS 4129 "Kontordokumenter og blanketter. Utforming" set opp rekkjefølgja år-månad-dag. I vårt døme blir det 2000-06-09. Denne måten kan brukast i internasjonal korrespondanse. (Ver klar over at engelskspråklege land har ulik dateringspraksis. I Storbritannia set dei dagen først og så månaden, i USA er det omvendt.)

Variert vår

Samlaget legg no fram vårlista med nye bøker, frå mellom andre Agnes Ravatn, Ragnar Hovland og Lars Mæhle.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no


Fleire etablerte forfattarar kjem med nytgjevingar på Samlaget denne våren. Agnes Ravatn har studert vekeblada og prøver i boka *Folkelesnad* å vise lesaren kva desse blada vil med oss. Ragnar Hovland kjem også med ei ny essay-samling, der han fører oss inn i forfatterskapane til Dickens, Brautigan, Dylan Thomas, Edgar Allan Poe og andre.

BESETT AV KJÆRLEIK

Lars Mæhle kjenner truleg dei fleste som barne- og ungdomsforfattar. No kjem han derimot med si første vaksenbok. I boka *Korea. Noveller om kjærleik* går handlinga føre seg på industristaden Sunndalsøra. Boka handlar i store trekk om menneske som på ulikt vis er styrte eller besette av kjærleik. No kjem også Olav H. Hauge sine dagbøker i ei kortutgåve. Her får me Hauge sine eigne tankar om fruktdyrking, verdslitteratur og kvardag.

VENSTREVRIDD PRESSEHISTORIE

Brevsamlinga med brev som han og kona Bodil Cappelen har sendt kvarandre, kjem også no, i ny drakt. Samstundes har journalist Alf Skjeseth skrivne pressehistoria til Klassekampen. Ei historie om avisa som har utvikla seg frå revolusjonær propagandaavis til kultureliten og venstresida si dagsavis. For dei minste presenterer no Samlaget blant anna ein ny norsk peikebokserie som heiter *Mopp og Mikko*, av illustratøren og forfatternen Kari Stai.



NY BOK: Ragnar Hovland er ein av dei etablerte forfattarane som denne våren kjem med nytgjeving på Samlaget. (Foto: Herborg Pedersen)

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

ABC
Startsida


Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:
www.startsida.no/egen

STOR KOMMUNE?

MELLOMOMSTOR KOMMUNE?

LITEN KOMMUNE?

BITTELITEN KOMMUNE?



KBN Kommunalbanken
Norge

- me er til for alle

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering, slik at kommunen kan realisera sine mål.

aktuelt: Helge Evensen Bjørkum



Bur: Lærdal.
Aktuell: Politisk nestleiar og administrativ leiar i Lærdal ungdomsråd. Engasjerer seg sterkt i kampen for å behalde lokalsjukehusa. Bjørkum bloggar også på Mot til å meina-bloggen.
Språk: Nynorsk
Alder: 16 år

Han har gått i demonstrasjonstog for å hindre at lokalsjukehusa blir lagde ned. Helge Evensen Bjørkum meiner ungdom bør vere med på å forme si eiga framtid.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

I desember gjekk du i demonstrasjonstog både utanfor Stortinget og i Sogn og Fjordane.

I kampen for sjukehuset

dane for å hindre nedlegging av lokalsjukehus. Kvifor dette engasjementet?

Eg engasjerer meg for lokalsjukehusa fordi det er eit grunnleggjande samfunns-gode og ein tryggleiksbase som me ikkje har råd til å miste. Det er ein hjørnestein i lokalsamfunnet på mange måtar, og utan lokalsjukehus mistar me mykje.

Kvifor bør ungdom engasjere seg i lokalsamfunnet?

Det er viktig at ungdom engasjerer seg i lokalsamfunnet, fordi me kan vere med på å forme vår eiga framtid. Framtidsretta ungdom kan vere med og påverke dei som bestemmer, på ein positiv måte.

Kva er dei viktigaste sakene i ungdomsrådet ditt no?

I ungdomsrådet er dei viktigaste sakene lokalsjukehus, kulturhus og berekraftig reiselivsutvikling.

Korleis kan ein få fleire ungdommar politiske aktive?

Eg trur det er viktig å bevisstgjere dei om kor viktig dette faktisk er. Fortelje med konkrete døme korleis me i dag påverkar korleis me skal ha det i framtida. Politikk har fått eit rykte på seg for

å vere kjedeleg – eg trur det er viktig å avlive det ryktet.

Kva er hjertesaka di?

Hjertesaka mi er lokalsjukehus.

Kan du tenkje deg å bli politisk?

Eg er politisk aktiv i Lærdal ungdomsråd og elevrådet/elevrådsstyret ved Sogndal vgs., men er ikkje medlem i noko parti (enno). Likevel kan eg godt tenkje meg å bli politisk.

Korleis får ein politikarane til å høyre på ungdommane?

Ein får politikarane til å høyre på seg ved å gå i direkte dialog med dei, fortelje dei kva me meiner, og kvifor det er viktig. Me brukar også media svært mykje og har god hjelp av det. I tillegg har det blitt eit stort fokus på ungdomsdemokrati og ungdomsdeltaking, og det er noko som hjelper oss å få fram sakene våre.

I haust møtte de kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) og overleverte 500 underskrifter mot nedlegging av sjukehus. Korleis var det?

Å møte kommunalministeren var viktig for å få fram kva ungdomen meiner om sjukehussaka. Rett nok er Liv Signe frå



Sindre Ekrheim
(f. 1967) er frå Stavanger og bur i Bergen. Han debuterte hausten 2010 med diktsamlinga *Sjøen hugsar ingen barndom*.

debutanten

Mørkret lør ved
Lader av skier
laga av tre
Mørkret lør ved
med stablar av lyd
frå gnissande never
Mørkret lør ved
Lyset er inni tre

Samlaget 2010

Lærdal ho òg, og ho kjenner naturleg nok til denne saka og ser det er viktig å ha eit lokalsjukehus. Me fekk ho til å levere underskriftene til helseministeren, og det gav underskriftskampanjen ekstra tyngde. I tillegg møtte me helseministeren i Volda i desember og fekk ein kort direkte dialog med ho, der me fekk fram budskapet vår på ein god måte. Det håpar me gav inntrykk.

Kva gjer de no vidare for å hindre at lokalsjukehuset blir lagt ned?
Me skal fortsette å kjempe for sjukehuset vårt, men korleis er noko me drøftar heile tida, og me har per i dag ikkje nokon konkret plan på korleis me skal påverke. Men me er alltid på hogget og klare til å seie i frå.



LANDSTINGET 2011

Sand i Suldal • 28. – 29. april

Konferansen er eit samarbeid mellom LNK, IS Fjordvegen og Rasmus Løland - markeringa

Tema under konferansen er:

Språk i Europa • Barne- og ungdomslitteratur • Diktarvegen

Tema vert belyste gjennom føredrag, debattar og kulturinnslag

Mellom deltakarane finn du:

**Liv Signe Navarsete • Hilde Sandvik • Ottar Grepstad • Svein Arne Tinnesand
Herborg Kråkevik • Inger Bråtveit • Tindra • Valkyrien Allstars
Magnhild Meltveit Kleppa • Knut Vareide • Jostein Soland • Claus Mogensen**

Påmelding til: landstinget@LNK.no

Telefon 52 79 04 80 • Telefaks 52 79 04 81

Meir informasjon og fullt program: www.LNK.no